

# **MED ARBEIDSLIVET SOM ARENA**

- om kunnskaps- og utviklingsbehov i arbeidslivsrelatert rusmiddelforskning

Kjetil Frøyland

SIRUS skrifter 4/2007  
Statens institutt for rusmiddelforskning  
Oslo 2007

Statens institutt for rusmiddelforskning (SIRUS) ble opprettet 1. januar 2001 som en sammenslåing av Statens institutt for alkohol- og narkotikaforskning (SIFA) og dokumentasjonsseksjonen og biblioteket i Rusmiddeldirektoratet. SIRUS har som formål å utføre og formidle forskning og dokumentasjon omkring rusmiddelspørsmål, med særlig vekt på samfunnsvitenskapelige problemstillinger. Instituttet er også kontaktpunkt for Det europeiske narkotikaovervåkningscenteret i Lisboa, EMCDDA.

Copyright SIRUS  
Oslo 2007

ISBN 82-7171-305-8  
ISSN 1503-464X

SIRUS  
P.b. 565 Sentrum  
0105 Oslo

Besøksadresse: Øvre Slottsgate 2B  
Telefon: 22 34 04 00  
Fax: 22 34 04 01  
E-post: [sirus@sirus.no](mailto:sirus@sirus.no)

Nettadresse: <http://www.sirus.no>

Trykt hos Wittusen&Jensen a.s.

# Forord

Temaet arbeidsliv og bruk av rusmidlar har i mange år vore tilkjent lite merksemd innanfor forskingskrinsar. Arbeidslivsforskinga har i liten grad vore oppteken av rusmiddelbruken som tema, og rusmiddelforskinga har omvendt vore lite oppteken med arbeidslivet som arena. Samtidig har ein i Noreg gjennom AKAN lang praksiserfaring frå dette området.

Sidan midten av 1990-talet har forskingsaktiviteten retta mot området vore aukande, i Noreg særleg gjennom arbeidet til tidlegare Rogalandsforsking, no IRIS (International Research Institute of Stavanger). Temaet er også kome tydelegare inn på den politiske dagsorden, blant anna gjennom omtale i statsbudsjettet for 2007.

I denne rapporten skisserer underteikna, basert på eiga lesing, og med råd frå ei gruppe nøkkelinformantar, kvar dei viktigaste kunnskapsbehova knytta til rusmiddelbruk og rusmiddelførebygging i arbeidslivet i Noreg er.

Oslo september 2007.

Kjetil Frøyland



# Innhald

<b>SAMANDRAG</b> .....	7
<b>1 INNLEIING</b> .....	11
1.1 METODE .....	12
1.2 OPPBYGGINGA AV RAPPORTEN .....	14
<b>2 KUNNSKAPSBEHOV OM DEN ARBEIDSRELATERTE RUSMIDDELBRUKEN</b> .....	15
2.1 OM RUSMIDDELBRUKEN .....	15
2.1.1 <i>Arbeidsrelatert alkoholbruk</i> .....	15
2.1.2 <i>Illegal rusmiddelbruk og medikamentar</i> .....	21
2.1.3 <i>Rusmiddelbruken sin funksjon</i> .....	22
2.1.4 <i>Omfang og utvikling av rusmiddelproblem i arbeidslivet</i> .....	24
2.2 KONSEKVEN SAR AV ARBEIDSLIVSRELATERT RUSMIDDELBRUK .....	26
2.2.1 <i>Sjuefråver og ulykker</i> .....	26
2.2.2 <i>Nedsett arbeidsevne</i> .....	27
2.2.3 <i>Positive konsekvensar</i> .....	29
<b>3 KUNNSKAPSBEHOV OM SAMANHENG MELLOM UTVIKLINGA I SAMFUNN OG ARBEIDSLIV, OG ARBEIDSRELATERT RUSMIDDELBRUK</b> .....	31
3.1 MEININGSPRODUKSJON OG NORMDANNING .....	31
3.2 DET "GRÅDIGE" ARBEIDSLIVET OG BALANSEN MOT PRIVATLIVET .....	32
3.3 KJØNNSPERSPEKTIVET .....	34
<b>4 KUNNSKAPSBEHOV OM RUSMIDDELFØREBYGGING I ARBEIDSLIVET</b> .....	35
4.1 ER ARBEIDSLIVET EIN GOD ARENA FOR FØREBYGGING? .....	35
4.1.1 <i>Tilgang på folk og rusmiddelrelaterte skader/konsekvensar</i> .....	35
4.1.2 <i>Arbeidstilknytninga som motivasjon for endring</i> .....	36
4.1.3 <i>Rammeverk på plass</i> .....	36
4.1.4 <i>Manglar i hjelpeapparatet</i> .....	36
4.1.5 <i>Økonomisk fortjeneste</i> .....	36
4.1.6 <i>Rusmiddelbruk ei aparte problemstilling i ein arbeidslivssamanheng?</i>	

37

4.1.7	<i>Meir risiko blant dei som ikkje er i arbeid</i> .....	37
4.1.8	<i>Gode grunnar for å forske på rusmiddelførebygging i arbeidslivet?..</i>	38
4.2	BEHOV FOR FORSKING OM ULIKE INTERVENSJONSFORMER? .....	38
4.2.1	<i>Tidleg intervensjon</i> .....	38
4.2.2	<i>Effektane av outsourcing</i> .....	40
4.2.3	<i>Testing</i> .....	40
4.2.4	<i>Implementeringsutfordringar</i> .....	41
<b>5</b>	<b>BETRE FORSKINGSMETODIKK</b> .....	<b>45</b>
<b>6</b>	<b>SENTRALE FORSKINGSBEHOV</b> .....	<b>47</b>
6.1	INNSATSOMRÅDE SOM BØR PRIORITERAST.....	48
6.1.1	<i>Systematisk overvaking av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken</i> ....	49
6.1.2	<i>Studiar om omfanget av konsekvensane av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken</i> .....	49
6.1.3	<i>Metodar for tidleg intervensjon</i> .....	49
	<b>REFERANSAR</b> .....	<b>51</b>
	<b>VEDLEGG</b> .....	<b>55</b>
	NOKRE RÅD PÅ VEGEN VIDARE .....	55
	TEMAGUIDE FOR INTERVJU/SAMTALE MED NØKKELINFORMANTAR: .....	56
	<b>ENGLISH SUMMARY</b> .....	<b>57</b>

## Samandrag

Det er ikkje kome mykje ny forskning på området arbeidsliv og rusmiddelbruk sidan 2005. Den forskinga som føreligg er dermed i hovudsak oppsummert andre stader (sjå blant anna Nesvåg (2005) og Frøyland (2005)).

Føremålet med rapporten er å peika på sentrale kunnskaps- og forskingsbehov knytta til arbeidsrelatert rusmiddelbruk og førebygging i Noreg. Sentrale overordna problemstillingar er:

- Kva slags kunnskap er det behov for på området med Noreg som nedslagsfelt?
- Kva er aktuelle forskingstema på dette området for åra framover?
- Kva er dei viktigaste innsatsområde dei første åra?

Samla framstår materialet som her vert presentert som eit klart argument i retning av meir forskingsaktivitet knytta til arbeidslivet både når det gjeld rusmiddelbruk, konsekvensane av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken, og verkemidla for å førebygga risikofylt arbeidsrelatert rusmiddelbruk.

Sentralt i undersøkinga står ein intervjurunde med 13 nøkkelinformantar på området. Informantane meiner det er kunnskapsbehov innafor fleire ulike forskingsområde. Det vert retta fokus mot 1) den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken, 2) konsekvensar av bruken, og 3) forklaringar på bruken. Vidare er fleire av innspela retta mot 4) ulike intervensjons- og førebyggingsformer. Ikkje minst peikar fleire av informantane på eit behov for å finne 5) dei gode forskingsmetodane tilpassa denne arenaen. Nokre peikar også på 6) danninga av normer i samfunnet som den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken vert påverka av, men som den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken samtidig sjølv påverkar utviklinga av.

Basert på ei vurdering av innspela frå informantane og lesing av litteratur, vil eg føreslå følgjande meir konkrete problemstillingar for vidare kunnskapsproduksjon om rusmiddelbruk og rusmiddelførebygging med arbeidslivet som arena:

- Om den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken, og då spesielt:
  - Kor mykje vert det drukke i arbeidsrelaterte situasjonar?
  - Varierer rusmiddelbruken alt etter kva slags bransje det dreiar seg om, kvar i landet ein oppheld seg, eller kva slags rolle ein

- har i organisasjonen?
  - Kva for samanhengar er det mellom rolla som tilsett og rusmiddelbruk i gråsonene mellom arbeid og fritid?
  - Er det eit drikkepress blant tilsette, og korleis artar dette seg i så fall?
  - Korleis vert den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken forma eller endra ved overgangar inn i arbeidslivet eller overgangar ut av arbeidslivet?
  - Kva er omfanget og karakteren av arbeidsrelatert bruk av illegale rusmidlar og/eller medikament?
  - Kva kjenneteiknar dei tilsette som klarar å kombinera rusmiddelbruk (kanskje helst medikamentbruk) med deltaking i arbeidslivet?
  - Kva for funksjon har rusmiddelbruken i ulike grupper av tilsette?
- Om rusmiddelproblem blant tilsette, og då spesielt:
  - Korleis kan omgrepet ”rusmiddelproblem” definerast på ein adekvat måte i høve til arbeidslivet?
  - Kva er omfanget av ulike rusmiddelproblem blant tilsette i norsk arbeidsliv?
  - Kva slags rolle spelar arbeidslivet i høve til utviklinga av rusmiddelproblem blant tilsette?
  - Kva slags rolle kan arbeidslivet spela i høve til å unngå utvikling av rusmiddelproblem blant tilsette?
- Om konsekvensane av arbeidslivsrelatert rusmiddelbruk, og då spesielt om:
  - Kva er omfanget av rusmiddelrelatert sjukefråver og rusmiddelrelaterte ulykker?
  - Kva kostar rusmiddelbruken reint økonomisk for arbeidslivet både på samfunns- og verksemdsnivå?
  - Korleis påverkar arbeidsrelatert rusmiddelbruk arbeidsmiljøa på ulike arbeidsplassar?
  - Kva for positive konsekvensar har den arbeidslivsrelaterte rusmiddelbruken?
- Om sentrale samanhengar mellom samfunns- og arbeidslivsutviklinga og tilsette sin rusmiddelbruk. Deriblant om følgjande:
  - Korleis vert normene for arbeidsrelatert rusmiddelbruk og rusmiddelførebygging i arbeidslivet påverka av liberaliseringa av alkoholbruken i samfunnet elles?

- Korleis verkar aukande intensitet og høgare individuelle krav i arbeidslivet inn på den arbeidslivsrelaterte rusmiddelbruken, og er det bransjeskilnader knytta til dette?
- Kor langt må og kan det arbeidslivsrelaterte fokuset strekka seg i retning av den private sfæren for å ha eit konstruktivt nedslagsfelt?
- Har menn og kvinner ulike måtar å bruka rusmidlar relatert til arbeidet på?
- Om rusmiddelførebygginga i arbeidslivet, og då spesielt om:
  - Kva er gode metodar for tidleg identifikasjon og intervensjon?
  - Kor omfattande er outsourcinga av det rusmiddelførebyggande arbeidet, og kva for effektar har outsourcinga?
  - Kva er gode verkemiddel for implementering av rusmiddelførebygging i arbeidslivet?

Følgjande innsatsområde vert foreslått prioritert høgt i forskings-, dokumentasjons- og utviklingsarbeid kring arbeidsrelatert rusmiddelbruk og –førebygging dei kommande åra:

1. Systematisk overvaking av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken i Noreg.
2. Studiar om omfanget av konsekvensane av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken.
3. Utvikling av metodar for tidleg intervensjon



# 1 Innleiing

Gjennom AKAN si over 40 år lange verksemd har vi i Noreg utvikla og samla opp god praksiskunnskap om temaet arbeidsliv og rusmiddelbruk. Den forskingsbaserte kunnskapen om same tema har derimot vore sparsam. Frøyland (2005) konkluderte med at det fanst relativt få undersøkingar om norsk arbeidsliv og rusmiddelbruk, sjølv om fleire studiar hadde vorte gjennomført siste 10 år:

*Undersøkelser om norsk arbeidsliv og rusmiddelbruk omfatter både kvantitative studier i form av spørreundersøkelser og registerdatastudier, samt kvalitative og eksplorerende studier. De fleste studiene er avgrenset til å gjelde enkelte bransjer, enkelte bedrifter, enkelte brukergupper eller kun enkelte personer. Flere av studiene er dermed dybdestudier som vanskelig kan generaliseres. Kun noen få undersøkelser er breddestudier rettet mot hele landet. (Frøyland 2005, s. 10)*

Sidan midten av 1990-talet har forskingsaktiviteten på området vore aukande i Noreg, særleg med forskingsverksemda til Rogalandsforskning (no IRIS) i spissen. Det største arbeidet på dette området i Noreg føreligg i dag gjennom Sverre Nesvåg si doktoravhandling (2005). Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) si evaluering av AKAN (Frøyland, Grimsmo og Sørensen 2005) utgjer også eit viktig bidrag til feltet. Det føreligg dermed i 2007 ein del forskingsbasert kunnskap om arbeidsrelatert rusmiddelbruk.

Føremålet med denne rapporten er, med utgangspunkt i den føreliggande kunnskapen, å utreia nærare kva slags behov for ytterlegare forskingsbasert kunnskap vi har i dag. Denne rapporten har slik eit framtidsperspektiv med ambisjonar om å peike på aktuelle tema for vidare forskning og kunnskapsutvikling på området, samt gi ei vurdering av om dette faktisk er eit tema med behov for eit tydeleg fokus i åra framover. Sentrale overordna problemstillingar er som følgjer:

- Kva slags forskingsbasert kunnskap er det behov for på området?
- Kva er aktuelle forskningstema på dette området for åra framover?
- Kva er dei viktigaste innsatsområde dei første åra?

I denne samanhengen vil det vera relevant å sjå nærare på om det er kunnskapsbehov både når det gjeld omfang, brukssituasjon, type rusmiddel og funksjonen eller meininga bak bruken. Er det behov for meir kunnskap om konsekvensane av arbeidsrelatert rusmiddelbruk? Har vi nok kunnskap om omfanget av rusmiddelproblem blant tilsette i norsk

arbeidsliv i dag?

Eg vil diskutere om vi i Noreg har nok forskingsbasert kunnskap om samanhengane mellom utviklingstrekk i arbeidslivet og samfunnsutviklinga på den eine sida, og den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken på den andre.

Det er også grunn for å stilla spørsmål knytta til kunnskapsbehovet rundt ulike modellar for rusmiddelførebygging i arbeidslivet. Er den forskingsbaserte kunnskapen god nok på dette området i dag? Føreligg det forskingsbasert kunnskap om korleis ein kan og kanskje bør arbeida med rusmiddelførebygging i arbeidslivet med tilsette?

## 1.1 Metode

Det viktigaste bidraget til rapporten er ein intervju/samtalerunde med 13 nøkkelinformantar i Noreg vinteren 2007.<sup>1</sup> Ressursane og tida som var sett av til å gjennomføra denne undersøkinga var relativt avgrensa. Det var difor viktig å velja informantar som både hadde kjennskap til og erfaring med temaet arbeidsliv og rusmiddelbruk, og som samtidig hadde såpass overblikk over kunnskapsproduksjonen på forskingsfeltet i Noreg, at dei kunne gi nokre kvalifiserte vurderingar av behov på området. Det var difor i all hovudsak forskarar som vart intervjuja, med unntak av tre praktikarar med lang fartstid i feltet. Kunnskapen til informantane om dette temaet var no likevel så varierende at lengda på samtalanane varierte mellom 15 minutt og 1,5 time. Samtalanane med desse nøkkelpersonane vart avhaldne på telefon (med eitt unntak), og dreidde seg om informantane sitt syn på behova for kunnskap, kompetanse og forskning på temaet arbeidsliv og rusmiddelbruk. Nøkkelinformantane vart også spurt om kva for grunnar dei såg for å nytta arbeidslivet som arena for rusmiddelførebygging, og kva som eventuelt tala imot ein slik bruk (sjå vedlegg).

Det er ikkje mange år sidan førre kunnskapsstatus vart gjort på dette området (Nesvåg 2005, Frøyland 2005). Eg har i samband med arbeidet med denne rapporten lese om att desse oppsummeringane, og i tillegg søkt etter ny litteratur på området. Det vart søkt etter litteratur om

---

<sup>1</sup> Følgjande personar vart intervju: Sverre Nesvåg (IRIS), Torild Hammer (NOVA), Bjørg Aase Sørensen (AFI), Asbjørn Grimsmo (STAMI), Arvid Skutle (Bergensklinikkene), Fanny Duckert (Universitetet i Oslo), Kjell Maalø (AKAN), Bjarne Bøe (IGOR), Ingeborg Rossow (SIRUS), Hildegunn Sagvaag (Høgskolen i Stavanger), Marie Smith-Solbakken (Universitetet i Stavanger), Sverre Fauske (Haukeland Universitetssykehus), Øystein Enger (Rogaland A-senter).

rusmiddelbruk og rusmiddelførebygging i arbeidslivet både nasjonalt og internasjonalt. Med unntak av nokre få artiklar og studiar, fann vi lite ny dokumentasjon på området.

Av den nye norske informasjonen som vart funnen og som det er referert til i denne rapporten, kan følgjande nemnast:

- MMI utførte på oppdrag frå Sosial- og helsedirektoratet sommaren 2006 ei spørjeundersøking blant 2191 nordmenn i alderen 20 år og oppover. Desse informantane var busett over heile landet, og vart intervjuva over telefon om ulike tema knytta til rusmiddelbruk.
- Deler av dataane frå feltstudiane som AFI gjorde i samband med evalueringa av AKAN var ikkje fullt utnytta og lite gjennomarbeida. Desse har no vorte grundigare gjennomgått. Data stammar hovudsakleg frå djupdykk som vart gjort i 5 norske verksemder plasserte ulike stader i landet og av følgjande type: eitt oljeselskap, eitt teater, ein sjukeheim, ein offentleg etat og ei teknologiverksemd. I desse verksemdene intervjuva AFI (ved underteikna) 4-5 representantar på ulikt nivå og med ulike roller.<sup>2</sup> Tema for intervjuva var mellom anna arbeidet med helsefremjande HMS og arbeidsmiljø, arbeidsfellesskap (kultur, normer, verdiar), situasjonar og omfang av rusmiddelbruk blant tilsette, eventuelle rusmiddelproblem samt utviklinga av desse, rusmiddelførebyggjande arbeid, erfaringar og utfordringar knytta til rusmiddelbruk og arbeid. Dei fleste av desse data er tidlegare presenterte i Frøyland, Grimsmo og Sørensen (2005), og Frøyland og Grimsmo (2006). Nokre av det som vert lagt fram i rapporten er tidlegare ikkje publisert.

Underteikna har også sett grundigare på kva som er gjort i Sverige på feltet arbeidsliv og rusmiddelbruk. Grunnen til at eg har sett spesielt på svensk litteratur ligg i dei mange likskapane mellom Noreg og Sverige kulturelt sett og fordi Sverige som einaste land i verda (så vidt eg veit) på linje med Noreg har hatt eit over 40 år langt fokus på rusmiddelførebygging i arbeidslivet forankra hjå partane i arbeidslivet (Sverige har hatt ALNA ([www.alna.se](http://www.alna.se)) like lenge som Noreg har hatt AKAN ([www.akan.no](http://www.akan.no))).

---

<sup>2</sup> Informantane hadde følgjande posisjonar: 1) ein representant for leiing/toppleiing, 2) ein mellomleiar eller ein med ansvar for det rusmiddelførebyggjande arbeidet, 3) ein vanleg tilsett, 4) ein person med ei birolle eller ei slags observatørrolle i organisasjonen, til dømes ein sekretær eller ein tilsett på sentralbordet, 5) i nokre få verksemder intervjuva vi også ein representant for bedriftshelsetenesta.

## 1.2 Oppbygginga av rapporten

I kapittel 2 ser eg nærare på kunnskapsbehov knytta til den arbeidslivsrelaterte rusmiddelbruken og konsekvensane av denne. Kapittel 3 handlar om nokre moglege samanhengar mellom samfunnsutviklinga og arbeidslivsutviklinga på den eine sida, og tilsette sin rusmiddelbruk på den andre. I kapittel 4 ser vi nærare på kunnskapsbehov knytta til verkemidla i førebyggingssamanheng, medan kapittel 5 rettar merksemda mot metodane for forskning og kunnskapsproduksjon kring rusmiddelbruk og rusmiddelførebygging i arbeidslivet. I kapittel 6 vert dei viktigaste poenga frå gjennomgangen oppsummert, og sentrale oppgåver for det vidare arbeidet med dette feltet vert føreslått.

Innanfor kvart enkelt tema/underkapittel har eg prøvd å bygga teksten etter følgjande prinsipp: Først presenterer eg nøkkelinformantane sine forslag til eller refleksjonar kring kunnskapsbehov og forskningstema. Deretter vurderer eg kort den føreliggande forskingslitteraturen i høve til gjeldande tema. Til sist supplerar eg med eigne vurderingar og føreslår avslutningsvis aktuelle problemstillingar for forskning. Desse problemstillingane er dels føreslått av informantane, dels av meg sjølv.

Det har likevel ikkje lykkast meg heilt å gjennomføra denne måten å bygga opp teksten på overalt. I høve til nokre kunnskapsområde har dei underliggende forskningstema vore mange fleire enn i høve til andre. Nokre stader har eg difor samla opp vurderingane og forskingsforslaga over fleire avsnitt før eg presenterer dei.

## **2 Kunnskapsbehov om den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken**

Kva er viktige kunnskapsbehov når det gjeld den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken? Kvar bør forskingsinnsatsen i åra framover setjast inn? I dette kapitlet vil eg drøfta dette både i høve til den arbeidsrelaterte bruken av rusmiddel, problemomfanget blant tilsette, og i høve til konsekvensane av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken.

### **2.1 Om rusmiddelbruken**

Fleire av nøkkelinformantane argumenterte for at det framleis er behov for meir kunnskap om den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken. Også forskingslitteraturen på området viser at sjølv om vi i dag veit ein del om arbeidsrelatert rusmiddelbruk, er det framleis klare manglar på dette området, og då særleg i høve til bruk av narkotiske stoff og medikament (Nesvåg 2005, Frøyland 2005).

#### **2.1.1 Arbeidsrelatert alkoholbruk**

Informantane peikar blant anna på alkoholbruken. Ein hevdar at det er behov for epidemiologiske data, og at det er behov for betre oversikt over den arbeidsrelaterte alkoholbruken generelt og problema som knyttar seg til dette i norsk arbeidsliv.

Dette altså på tross av at det særleg er arbeidsrelatert alkoholbruk det føreligg kunnskap om i dag. Rogalandsforskning (no IRIS) har over ei årrekke gjennomført fleire studiar med fokus på alkoholbruk blant tilsette (sjå bla Nesvåg 2005, Nesvåg et al 2000, Skaftun 2000, Gjerstad 1999, Nesvåg og Tungland 1999, Sagvåg og Skaftun 2000). Arbeidsforskningsinstituttet si evaluering av AKAN (Frøyland m.fl. 2005) skildra også alkoholbruken i arbeidslivet. Samla har vi relativt sett eit godt bilete av alkoholbruken blant tilsette. Det er difor ikkje i høve til dette temaet at kunnskapsmanglane er størst, men sidan dei største utfordringane for samfunnet generelt på rusmiddelområdet ligg nettopp i alkoholbruken og ikkje i bruken av dei andre rusmidla, er det viktig å peike på dei kunnskapsbehova som framleis ligg i høve til arbeidsrelatert alkoholbruk. Og det er fleire:

### ***Kor mykje vert det drukke?***

Eit sentralt tema knytta til den arbeidsrelaterte alkoholbruken er spørsmålet om kor mykje som vert drukke i arbeidsrelaterte samanhengar. Dette vert peika på av fleire nøkkelinformantar.

Lie og Nesvåg si spørjeundersøking i norsk privat næringsliv (2001) viste at 30% av arbeidstakarane hadde drukke alkohol i arbeidsrelaterte situasjonar i løpet av ein 14-dagarsperiode, og innafor denne 14-dagarsperioden utgjorde den arbeidsrelaterte alkoholbruken heile 57% av alkoholkonsumet til desse arbeidstakarane. Grunnen til at den arbeidsrelaterte alkoholbruken var så høg, var slik Lie og Nesvåg skildra det, at dei hadde drukke i mange arbeidsrelaterte situasjonar i løpet av undersøkingsperioden, og at dei hadde drukke mykje kvar gong (Nesvåg 2005). Sett i høve til WHO sine definerte grenseverdier,<sup>3</sup> fann Nesvåg at 4% av kvinnene og 5% av mennene hadde drukke på såkalla ”rødt” (sjå forklaring i fotnote nedst på sida), medan 7% av kvinnene og 6% av mennene hadde drukke på ”gult”.

AFI si evaluering av AKAN (Frøyland m.fl. 2005) indikerte at i over 40 % av verksemdene i norsk arbeidsliv, drikk tilsette og leiarar alkohol i samband med sosiale arrangement i kollega-/bedriftsregi. Her er det store skilnader mellom ulike verksemdar og mellom dei tilsette i ei verksemd.

Tala frå desse undersøkingane er usikre og dekker heller ikkje like godt alle delane av arbeidslivet. Svarprosenten i spørjeundersøkinga til Lie og Nesvåg var svært låg (berre 34%), noko som gjer at ein må vera forsiktig med å trekka vidtfamnande konklusjonar basert på desse tala. Lie og Nesvåg fokuserte heller ikkje på offentleg sektor. Frøyland m.fl. (2005) spurte ikkje etter alkoholbruken på individnivå, men berre om alkohol vart nytta generelt i verksemda. Det er med andre ord behov for sikrere tal på den arbeidsrelaterte alkoholbruken i Noreg. Aktuelle problemstillingar kunne vera:

---

<sup>3</sup> I studiar koordinert av WHO har ein definert grenseverdien for klart risikofylt drikking til 14 standard alkoholeiningar (AE)<sup>3</sup> pr. veke for kvinner og 21 AE pr veke for menn (Frøyland 2005). Å drikka meir enn desse grenseverdiane vert kalla å ”drikka på rødt”. Eit forsvarleg konsum har i nokre studiar vorte sett til å vera under 13 AE pr veke for menn, og under 9 AE pr veke for kvinner. I Noreg har ein i tillegg definert ein lågare grenseverdi for det å ha et bekymringsfullt alkoholforbruk eller å ”drikka på gult” (mellom 13 og 21 AE pr. veke for menn og mellom 9 og 14 AE pr. veke for kvinner) (Nesvåg og Lie 2004). I fleire studiar opererer ein likevel med andre grenseverdier.

- Kartlegging av omfanget på arbeidsrelatert alkoholbruk både i privat og offentlig sektor, i ulike bransjar, demografisk fordelt.
- Utvikla fleire og gode metodar å vurdere den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken etter.
- Undersøkje kva som vert oppfatta som ein akseptabel arbeidsrelatert rusmiddelbruk? Kva er ikkje akseptabelt?

### ***Drikkepress i arbeidslivet?***

Nokre av informantane foreslår at vi treng meir kunnskap om kva det er som forårsakar arbeidsrelatert alkoholbruk.

Eit aktuelt tema i så måte er knytta til spørsmålet om det er eit drikkepress i arbeidslivet. I MMI si spørjeundersøking sommaren 2006 (Shdir 2006) svara 13% av dei intervjua personane at dei var heilt eller delvis samde i ei påstand om at det er mykje drikkepress på sosiale tilstellingar på sin arbeidsplass. Ein av erfaringane frå AFI si evaluering av AKAN (Frøyland m.fl. 2005) var at tilsette i liten grad tenkjer over dette temaet, det er ein meir eller mindre sjølvstøtt del av verksemda si omgangsform for mange. Sidan det også er slik at ein klar majoritet av det norske folket drikk alkohol i dag, er det kanskje rimeleg å forventa seg at få opplever eit press i retning av å drikka. At 13% av tilsette basert på MMI sine tal ser ut til å føla eit drikkepress er interessant, og dette er eit tema som gjerne kunne utforskast meir. Aktuelle problemstillingar kunne vera:

- Kva forårsakar bruk av alkohol relatert til arbeidslivet?
- Er det eit drikkepress i arbeidslivet? Korleis artar drikkepresset seg?
  - I kva slag situasjonar oppstår det? Kven er utsett for det arbeidsrelaterte drikkepresset? Kven er det som utøver drikkepresset?

### ***Bransje eller kultur – og det nye arbeidslivet***

Nokre av informantane er opptekne av korleis rusmiddelbruken fordelar seg med tanke på bransjetilhøyrse og demografi.

Medan eldre internasjonale studiar på området peikar på bransjetilhøyrse som ei mogleg forklaring på alkoholbruken, har kulturperspektivet vorte meir framtrødande i nyare studiar (Nesvåg 2001). Korkje Nesvåg (2005) eller Frøyland m.fl. (2005) finn at den arbeidsrelaterte alkoholbruken kan forklarast ut frå bransjetilhøyrse, men at han er meir knytta til variablar

som dei tilsette sin alder, kjønn, og den spesifikke bedriftskulturen. Samtidig gir desse studiane i liten grad presis informasjon om alkoholbruken i unge og ”hippe” bransjar som reklame og design, eller i ”kvitsnippyke” som advokatbransjen. Svensken Ulric Hermansson slår så seint som i 2004 fast at ”riskkonsumption av alkohol uppenbart varierar mellom ulike arbeidsplatser och branscher” (Hermansson 2004, s.11).

Mange av studiane frå USA har hovudsakleg vore retta mot såkalla ”blue-collar”-yrke, det vil seia studiar retta meir mot arbeidarnivået, gjerne innan industri og produksjon, heller enn studiar retta mot funksjonær- og leiarnivå (Frøyland 2005). Kunnskapen er mindre når det gjeld rusmiddelbruk på leiarnivået og i ”kvitsnippyka” samtidig som den aukte representasjonsverksemda og reisinga desse rollene ofte inneber gjerne medfører høg eksponering for rusmiddelbruk. I tillegg er omgangen med rusmidlar i dei nyare delane av arbeidslivet eit interessant felt. Her har bransjar som IT, media, konsulent- og salsverksemd vore trekt fram som markørbransjar blant anna fordi dei vert assosierte med mykje relasjons- og nettverksarbeid, samt kundepleie og reising (Edsbrand og Ohlin 2001).

Etter mitt syn er det framleis uklart kva slags bransjar som best representerer det nye arbeidslivet og som er mest relevante for merksemd når det gjeld rusmiddelbruk. Her er det truleg behov for regelmessig overvaking av utviklinga i fleire aktuelle bransjar i Noreg. Kor mykje veit vi om reklamebransjen eller designermiljøa til dømes? Det kunne vera behov for kunnskap om blant anna følgjande problemstillingar:

- Korleis varierar den arbeidsrelaterte alkoholbruken mellom ulike bransjar?
- Finn vi geografiske variasjonar i den arbeidsrelaterte alkoholbruken?
- Korleis varierer alkoholbruken i høve til rolla den tilsette har i organisasjonen?
- Finn vi bransjar som representerer noko nytt i arbeidslivet med tanke på arbeidsrelatert alkoholbruk?

### ***Situasjonar for rusmiddelbruk - gråsonene***

Fleire av informantane som vart peikar på at det framleis er behov for meir kunnskap om gråsonene. Nokre meiner at gråsonene mellom arbeid og fritid framstår som eit ureflektert felt som kan trenge presisering og ytterlegare fokusering. Det vert også peika på behov for å konkretisera kva gråsoneomgrepet betyr og korleis ein skal nytta omgrepet konstruktivt i førebyggingssamanheng.

Nesvåg (2005) og Frøyland og Grimsmo (2006) peikar på at det har vakse fram ei gråson mellom arbeid og fritid der alkoholen spelar ei viktig rolle. Denne gråsona består av sosiale situasjonar som kan knyttast til arbeidsfellesskapet, men som samtidig har preg av å vera fritid. Det dreiar seg oftast om sosiale arrangement i kollega- eller bedriftsregi, sosial del av kurs, seminar og møter, samt reiser, representasjon og reiser i utlandet.

Ein del av gråsona er knytta til det svensken Porsfelt (2004) legg i omgrepet "after work", og som han vurderer som ein viktig situasjon for arbeidsrelatert alkoholbruk i Sverige.

*Att "after worka" är ett uttryck som blivit allt vanligare och som anser att man går ut på krogen i direktanslutning till arbetet, istället för att åka hem. Många krogar har specialerbjudanden i form av, framför allt, sänkta priser på starköl och vin och gratis buffé under veckodagarnas sena eftermiddagar till tidiga kvällar. Ibland annonseras dessa erbjudanden som "happy hours" men också som just "after work". Alkoholen kan på så sätt ses som en rituell markör av en gräns mellan arbete och fritid. Det existerar också after workande på själva arbetsplatsen, ibland genom tillfälligt arrangerande "publokaler" men på sina håll i permanent inredda bar/pubmiljöer inom arbetsplatsens väggar. Alkoholen och krogmiljön kan också ses som redskap för en ökad integrering av arbetsdomän och hem/fritidsdomäner, delvis som en konsekvens av nya managementfilosofier i det senmoderna svenska arbetslivet och av de krav som därmed ställs på individen. Dette kan genomföras mycket medvetet, men också ske tämligen oreflekterad....Framför allt förknippas fenomenet i Sverige med viss rätt med vissa branscher, så som reklam och media, IT och konsultfirmor i storstad..... (Porsfelt 2004, s 44).*

Nokre tal frå MMI gir ein indikasjon på at "after work" også er ein del av den norske arbeidsrelaterte rusmiddelbruken. I ei spørjeundersøking utført på oppdrag for Sosial- og helsedirektoratet sommaren 2006 svara 2% av respondentane at dei ofte roar seg ned med alkohol etter ein stressande arbeidsdag. 14% svarar at dei av og til gjer det. Samla seier 1 av 6 (16%) at dei ofte eller av og til roar seg ned med alkohol etter ein stressande dag på jobben. Ein større del av dei yngre aldersgruppene enn dei eldre drikk ofte alkohol etter jobben, men i aldersgruppa 60+ roar så mange som ein av fem seg av og til ned med alkohol etter jobben. Denne undersøkinga skilde ikkje på om alkoholen vart drukken saman med arbeidskollegaar, saman med andre, eller åleine.

Gråsonene er ikkje minst interessant i høve til kva slags føringar arbeidsstaden kan ha på alkoholbruken. I kva grad er dette ein sak for den enkelte, og i kva grad har arbeidsstaden eit mandat her? Dette dilemmaet er tidlegare omtala blant anna av Nesvåg, Ramvi og Tunglund (1999). I

utviklinga av den såkalte ”IGOR-metodikken”<sup>4</sup> – som blant anna desse tre forfattarane var delaktige i – vert ein metode for å møte desse utfordringane føreslått. Det er kanskje eit større behov for å få gjennomført slik vurderingar i norske verksemder i dag, enn å finne opp metodar for å gjera det.

Aktuelle problemstillingar for meir kunnskap:

- Kva for samanhengar er det mellom rolla som tilsett og rusmiddelbruk i gråsonene mellom arbeid og fritid? Kor langt skal arbeidsplassen sitt mandat gå i ulike gråsoner?
- Spelar gråsonene ulike roller i ulike bransjar, i høve til ulike yrkesgrupper, eller i høve til ulike aldersgrupper av tilsette?

### ***Overgangar inn i og ut av arbeidslivet***

Fleire informantar framhevar behovet for å vite meir om den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken i overgangsfaser. Dette er også påpeika som eit aktuelt forskingsfelt tidlegare (Frøyland 2005).

Det knyter seg særleg interesse til alkoholbruken blant dei unge (20-35 år). Dette blant anna fordi den unge generasjonen drikk meir enn eldre generasjonar, men også fordi dei drikk meir enn tidlegare (Horverak og Bye 2007). Nokre informantar er spesielt opptekne av den perioden dei unge startar arbeidskarriera si.

I denne samanhengen kunne det også vera relevant å sjå på overgangen ut av arbeidslivet. Dagens eldre drikk meir enn sine tilsvarande aldersgrupper tidlegare (Horverak og Bye 2007). Korleis verkar overgangen frå eit arbeidsfellesskap og over i pensjontilvære eller uføretrygd inn i høve til alkoholbruken, og kva for rolle kan og skal arbeidslivet spela i høve til desse? Aktuelle problemstillingar kan blant anna vera:

- Korleis verkar overgangen til arbeidslivet inn på rusmiddelbruken til dei unge? Korleis innverkar arbeidslivstilknytninga på dei unge sine drikkevanar? Korleis skjer sosialiseringa med arbeidslivet som arena i høve til dette temaet?

---

<sup>4</sup> Namnet viser til det vanskelege grenselandet ”Imellom Grønt Og Rødt”, det vil seia den rusmiddelbruken som skjer i ”gul” sone. Sentralt i denne metoden er bruken av bedriftsinterne prosessar der arbeidsgjevar og tilsette saman definerer kva som er akseptabel rusmiddelbruk og kva som ikkje er det (sjå Nesvåg m.fl. 2000). Metodikken har som føremål å hjelpe dei tilsette med å forstå kva slags rolle alkoholen spelar i deira arbeidsliv, kva slag situasjonar han vert brukt i, samt kor konstruktiv eller destruktiv den arbeidsrelaterte alkoholbruken vert oppfatta å vera.

- Kva slags rolle spelar arbeidslivet i høve til tilsette sin alkoholbruk ved overgangen ut av arbeidslivet og inn i pensjon eller uføretrygd?

### 2.1.2 Illegal rusmiddelbruk og medikamentar

Fleire informantar framhevar behov for betre kunnskap om arbeidsrelatert illegal rusmiddelbruk (t.d. hasjbruk, opiatbruk, eller bruk av sentralstimulerande stoff som kokain eller amfetamin) og bruk av vanedannande medikamentar (anten i festsamanheng eller relatert til arbeidet på anna vis). Nokre av informantane er også opptekne av dei arbeidstakarane som er tilsynelatande ”vellinga brukarar”, det vil seie dei som ikkje mistar jobben, men som handterer arbeidslivet og krava det medfører blant anna med ein tilpassa rusmiddel- og/eller medikamentbruk.

Når det gjeld bruk av narkotiske stoff/illegal rusmiddelbruk er den forskingsbaserte kunnskapen svært sparsam i høve til kva slags rolle arbeidslivet spelar, og kunnskapen har i liten grad vorte betre seinare år. Dei data vi har om dette er fleire år gamle: Lie og Nesvåg (2001) fant at 2,7% av tilsette i privat norsk næringsliv hadde brukt hasj, marihuana og/eller eit anna narkotisk stoff ein eller fleire gonger det siste året. Det føreligg ikkje data som seier noko om kor arbeidsrelatert denne bruken var.

AFI si evaluering av AKAN viste at i eit mindretal av dei verksemdene som anten hadde eller tidlegare hadde hatt tilsette med eit rusmiddelproblem, dreidde det seg om narkotika eller avhengighetsskapande medikament. Det er uklart i kva grad det dreidde seg om arbeidsrelatert bruk.

Lie og Nesvåg (2001) fann vidare at 18,5% av tilsette i privat norsk næringsliv hadde brukt vanedannande medikament i løpet av siste året. 4,4% hadde brukt slike medikament kvar månad, 2,8% hadde brukt slik medikament kvar veke, og 1,3% kvar dag. Samla hadde 1-2% av dei tilsette bruk medikament på ein slik måte at det vart ei viktig sak for arbeidsplassen.

Det er eit klart behov for å vita meir om den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken på dette området. Aktuelle tema og problemstillingar for forskning kan blant anna vera følgande:

- Kor mykje arbeidsrelatert medikamentbruk og illegal rusmiddelbruk har vi i Noreg i dag?

- Er det dei sentrale arbeidstakarane eller dei som har meir ”uviktige” og perifere roller som brukar slike rusmidlar? Er der kjønnskilnader eller alderskilnader?
- Kven er dei ”vellinga” tilsette som balanserar og handterar eit arbeidsliv med ein rusmiddelbruk? Kva for grunnar har skodespelarar eller musikarar for ein balansert bruk av rusmidlar? Kva er drivkreftene?
- Kva for arbeidstakarar er brukarar av medikamentar? Kva er dei kulturelle kjenneteikna (identitetane) for dei ulike brukargruppene og korleis vekslar dei mellom bruk av ulike medikamentar?
- Korleis møter arbeidslivet (HMS- og rusmiddelansvarlege) tilsette som brukar andre rusmidlar enn alkohol? Korleis vert desse gruppene av tilsette sett på frå arbeidsgivarhald?

### 2.1.3 Rusmiddelbruken sin funksjon

Nokre av informantane er oppteken av rusmiddelbruken sin funksjon.

Data frå føreliggande undersøkingar kastar dels lys over denne problemstillinga. I samband med Arbeidsforskningsinstituttet si evaluering av AKAN (Frøyland m.fl. 2005) vart alkoholbruken tilskriven fleire ulike funksjonar av intervjuobjekta. Alkoholten gjekk i fleire samanhengar inn som det vi kan vurdera som eit *sosialt smøremiddel*. Intervjua og feltbesøka til AFI viste også at alkoholen i nokre verksemdar vert opplevd som eit middel for *stressreduksjon og avkopling*. Særleg vart dette framheva av tilsette i eit teater:

*Det er mykje stress, tidspress og nerver fram mot premierene. Folk har behov for å avreagera. Mykje står på spel, folk ”går på tærne” når deadline nærmar seg. Stemninga svingar mykje, det er aldri på det jamne, det går opp og ned. Det er mykje energi! Det skal være mye kjensler her. Dette stresset og nervene skal handterast. Vi arbeider mykje om kvelden, og dette kombinert med stresset gjer at det er lett å ta seg ein tur ut på byen før ein går heim.*

*(Skodespelar i teater)*

AFI fann også døme på positive og *kreativitetsfremjande* sider ved alkoholen i dei teaterilsette sine skildringar:

*I samband med ein produksjon var det ved eitt par høve ein person som var i dårleg form då han møtte til prøve kl 1100 på laurdag føremiddag. Han var imidlertid i såkalt ”god bakrus”, og instruktøren*

*var begeistra etter prøven fordi vedkommande kom med nye innfall og andre kreative bidrag enn han tidlegare hadde gjort. Så lenge instruktøren var begeistra for dette var det vanskeleg å gjera noko med det. Vedkommande hadde ikkje problem knytta til alkohol.*

*(Tilsett ved teater)*

Nesvåg peikar i si avhandling på andre funksjonar. Han skriv at alkoholbruk ofte inngår i ritual som anten markerar overgang mellom tidsfaser (i høve til personar, oppgåver eller arbeidsperiodar), eller som markerar at "tiden stopper opp i situasjonar preget av inkludering og integrasjon av ansatte i etablerte fellesskap" (Ibid, s.174). Alkoholbruken inngår vidare slik Nesvåg ser det, i ulike former for sosialitet (Nesvåg 2005). På den eine sida ei regulerande og disiplinerande form for sosialitet "der de personer og oppfatningar som dominerer situasjonen, også definerer hvordan bruken av alkohol skal innpasses i det de mener er den gode smak og den korrekte stil." På den andre sida i ei meir likeverdig form for sosialitet "der bruken av alkohol blir et uttrykk for ønsket om og behovet for å vise andre sider av seg selv og utfordre grensene for den gode smak og den korrekte stil."

I nokre yrke kjem ein inn i situasjonar der arbeidet sin natur i seg sjølv dreg i retning av alkoholbruk. Eitt tilfelle er representasjon og bedriftsbesøk der ein vert servert alkohol, i andre tilfelle er det sjølve arbeidsoppgåvene som dreg i retning av bruk av alkohol. AFI såg døme på dette i si evaluering av AKAN blant anna i høve til arbeidet på ein sjukeheim og i journalistyrket:

*Tilsette har ikkje lov å drikka i arbeidstida. Nokon gonger oppstår litt vanskelege situasjonar. Vi serverer jo vin til dei eldre, og på dagar som julaften synest dei gamle det er litt feil at dei tilsette ikkje skal drikka. Dei som kjem til oss bur jo heime hjå seg sjølv, og det at vi ikkje drikk fører fort med seg ei tydeleg pleiar-pasient markering. Nokon gonger seier eg det er greitt at dei tilsette drikk lettøl berre for å unngå å sjukeleggjera dei gamle. Vi kjem også opp i slike situasjonar om sommaren på uterestaurantar med alkoholserving.*

*(Avdelingsleiar på sjukeheim med dagsenter)*

*...det er klart at det er strengt forbode å nyta alkohol i arbeidstida eller å komma påverka på jobb – det er fullstendig bannlyst – på den andre sida er det også klart at det også vert brukt ein del når ein er ute og intervjuar folk, ein tek seg ei øl, ein drikk saman, etc.*

*(Tilsett i avis)*

I desse sitata har alkoholen kanskje det ein kunne kalla ein *relasjonsbyggande*

og *normaliserande* eller *alminneleggjerande* funksjon. Ved å gjera det same som kunden, kjelda, eller pasienten, medverkar alkoholen til å gjera situasjonen meir vanleg og mindre formell. Pasienten kjenner seg kanskje mindre ”innlagt”, kunden og kjelda kjenner seg kanskje mindre som målobjekt for salsagenten eller journalisten sine intensjonar. Alkoholbruken gir på ein måte situasjonen eit slags skin av noko meir personleg og allment, og kamuflerar slik føremålet med situasjonen.

Funksjonen den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken har, er etter mi vurdering ikkje svært godt skildra i høve til norsk arbeidsliv i dag sjølv om temaet altså er omtala nokre stader. Teksten ovanfor indikerar at rusmiddelbruken på ulike måtar kan inngå i og ha ulike funksjonar i høve til tilsette og arbeidsmiljøet i ulike bransjar. Aktuelle tema og problemstillingar for framtidig forskning kunne vera:

- Kva symboliserer den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken? Kva slags funksjon har han? Finst det bransjevise variasjonar?
- Kva er meiningsinnhaldet i den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken?

#### **2.1.4 Omfang og utvikling av rusmiddelproblem i arbeidslivet**

Eit behov for å ha meir forskingsbasert kunnskap om førekomsten av rusmiddelproblem blant tilsette i arbeidslivet er påpeika av fleire informantar. Dei har elles ulikt syn på kor viktig rusmiddeltemaet er i ein arbeidslivssamanheng, og kva slags rolle arbeidslivet kan ha i høve til å kunne verka inn på tilsette sin rusmiddelbruk og utvikling av eventuelle problem. Nokre av informantane peikar på at den individuelle vegen til eit rusmiddelproblem inneheld mange element der arbeidslivet berre er ei av mange kjelder for påverknad. Andre informantar er opptekne av arbeidslivet og arbeidsstaden som sentral læringsinstans i høve til å forme tilsette sine vanar og samværsformer både i positiv og negativ retning.

Kunnskapen er sparsam når det gjeld omfanget på rusmiddelproblem blant tilsette. Arbeidsforskningsinstituttet si evaluering av AKAN avdekka rett nok at om lag 5% av norske verksemdar sjølv meiner dei har tilsette med rusmiddelproblem. Det er likevel uklart kva som vart lagt i termen rusmiddelproblem her. Det var opp til respondentane sjølv å definera dette. Det var også berre ein tilsett i kvar verksemd som svara på spørjeundersøkinga (Frøyland m.fl.2005).

Lie og Nesvåg (2001) avdekka, som vi tidlegare har sett, at 4-5 % av tilsette i norsk privat næringsliv drikker på såkalla ”rødt”, dvs meir enn 21 AE pr veke for menn og meir enn 14 AE pr. veke for kvinner. Kor stor

del av desse som igjen vil kunne seiast å ha eit rusmiddelproblem er uvisst.

Nokre data frå Sverige kan vera interessante å halde dei norske funna opp imot. SoRAD har gjennomført fleire studiar for å kartlegga omfanget av rusmiddelførebygging i det svenske arbeidslivet. Nokre av desse har også omfatta data om rusmiddelproblem blant tilsette. I 13% av verksemdene med 20-49 tilsette, var personalsjefen sikker på at dei hadde ein eller fleire tilsette med eit "alkoholmissbruk" (Eriksson og Olsson 2002). Det same var tilfelle for 24% av verksemdene med 50-99 tilsette. I totalt 18% av verksemdene med 20-99 tilsette var personalsjefen sikker på at dei hadde rusmisbrukarar tilsett. I 4% av verksemdene med 20-99 var personalsjefen sikker på at dei hadde tilfelle av narkotikamisbruk blant tilsette på arbeidsstaden. Det same var tilfelle i høve til misbruk av andre medikamentar (Eriksson og Olsson brukar termen "läkemedelsmissbruk"). Tala frå Sverige er altså betydeleg høgare enn dei norske tala frå AFI si evaluering av AKAN.

Når det gjeld arbeidslivet og -plassen si rolle i utviklinga av rusmiddelvanar og eventuelle problem kan ei kommande doktorgrad kanskje kasta lys på dette. Hildegunn Sagvåg fokuserer i sitt arbeid på arbeidsrelatert misbruksutvikling. Forskingskunnskapen på dette området er så langt elles sparsam.

Arbeidslivsdeltaking er viktig i integreringssamanheng i samfunnet vårt, og det er blant anna på grunn av dette sannsynleg at sosial praksis på arbeidsstaden er noko tilsette legg merke til og strekker seg langt for å tilpassa seg til. Dette kan vera viktig i høve til å etablere og delta i ulike rusmiddelbruksvanar, men også i høve til å motivera for å unngå uheldig rusmiddelbruk. Det føreligg i dag ikkje god forskingsbasert dokumentasjon om desse fenomena. Aktuelle tema og problemstillingar for forskning er blant anna:

- Kva er ein adekvat definisjon av rusmiddelproblem med tanke på arbeidslivet?
- Kva er omfanget av alkoholproblem og andre rusmiddelproblem blant tilsette i Noreg?.
- Kva slags rolle spelar arbeidslivet i høve til å utvikla rusmiddelproblem, og i høve til å hindra ei problemutvikling?
  - I kva grad bidreg arbeidsplassen til tilsette si utvikling av rusmiddelproblem?
  - Kan arbeidsplassen også gjennom ein sterk kultur vera eit

hinder for og slik spela ei rolle i høve til å forhindra utvikling av rusmiddelproblem?

## **2.2 Konsekvensar av arbeidslivsrelatert rusmiddelbruk**

Fleire informantar framhevar at studiane som føreligg indikerar at dei økonomiske kostnadene for arbeidslivet som følgje av rusmiddelbruk blant tilsette er store, og at dokumentasjonen kring dette er lite tydeleg. Informantane peikar blant anna på behov for klarare tal på konsekvensar og produktivitetstap knytta til ”hangover”-problematikk. Ein informant peikar på at festane som vert arrangert relatert til arbeidslivet i seg sjølv kunne vera eit forskingstema. Vedkommande viser til erfaringar frå konflikthandtering i arbeidslivet som har sitt utspring i nettopp arbeidsrelaterte festar.

Konsekvensane av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken er det skrive ein heil del om fleire andre stader tidlegare (sjå bl.a. Gjelsvik 2004, Nesvåg 2005, Frøyland m.fl. 2005). Nesvåg (2005) peikar i doktoravhandlinga si på at den internasjonale forskinga har dokumentert at alkoholbruk har ei rekke negative innverknader på arbeidslivet og arbeidsplassane, og at fleire studiar viser samanhengane mellom tilsette sin alkoholbruk og fråver, ulykker og nedsett arbeidsevne, samt at alkoholbruken kan føra til lågare deltaking i arbeidslivet og lågare inntekt. Det dreiar seg altså om negative konsekvensar som fråver, ulykker, nedsett arbeidskapasitet ”dagen derpå” og av desse grunnane aukte kostnader for arbeidsgivarane som følgje av rusmiddelbruken blant tilsette. Omfanget av konsekvensane føreligg det i dag ikkje god kunnskap om for Noreg sitt vedkommande.

Behova knytta til dette området dreiar seg difor meir om å stadfesta kva omfanget og kostnadene er enn å skildra innhaldet i sjølve konsekvensane. Det er behov for betre kunnskap om kostnadene for arbeidslivet som følgje av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken. Samtidig er det viktig å ha ”praksisrelevant dokumentasjon” på dette. Kostnadstal som gjeld på samfunnsnivå, men som tydeleg synleggjer konsekvensane også for den enkelte verksemd kan vera vanskelege for arbeidsgivarar og arbeidstakarar å ta på alvor.

### **2.2.1 Sjukefråver og ulykker**

Det er i fleire samanhengar påvist aukt sjukefråver hjå personar med høgt alkoholforbruk (Ose m.fl. 2006). Sjukefråver som kan relaterast til tilsette sin rusmiddelbruk har ein i dag ikkje gode tal på, men Nesvåg anslår

(basert på utrekningar i Sverige, bla Upmark 1999) at om lag 30% av korttidsfråveret og om lag 15% av langtidsfråveret skuldast alkoholbruk (Nesvåg 2005). Det er likevel klart at på dette området er neppe kunnskapen god nok. Årsakane til den enkelte arbeidstakar sitt korttidsfråver vert ikkje registrert nokon stad i dag. I praksis veit vi med andre ord ikkje kor mykje av sjukefråveret som er rusmiddelrelatert. Det same er tilfellet i høve til arbeidsulykker.

Når det gjeld rusmiddelrelatert sjukefråver så finn vi nokre indikasjonar på omfanget av dette i Noreg gjennom Synovate MMI si spørjeundersøking frå 2006. Her sa 9 av 10 spurte at dei aldri er borte frå jobben dagen etter å ha drukke, medan ein av ti sa dei hadde vore borte frå jobben ”dagen derpå”. Totalt fortalde 4 prosent av dei yrkesaktive som vart spurt at dei hadde vore borte frå jobben det siste året fordi dei hadde drukke alkohol dagen før.

Marklund et al. (2005) finn for Sverige sitt vedkommande at samanhangen mellom alkoholbruk og langtidsjukefråver er U-forma basert på analyser på individnivå. Dette vil seia at personar med alvorlege alkoholproblem har ein høgare sjanse for langtidsjukefråver enn alkoholkonsumentar utan alkoholproblem eller med moderate vanskar, men samtidig finn ein at personar som ikkje drikk også har høgare sjansar for langtidsfråver. Forskarar har forklart dette på ulike måtar (sjå Marklund et al. 2005).

På befolkningsnivå finn Marklund et al. (2005) at ein forbruksauke på 1 liter rein alkohol aukar sjukefråveret blant menn med 13%. Dette er også påpeika av Norström (2006). For kvinner var det tilsvarande talet 6%, men ikkje statistisk signifikant. Marklund et al. konkluderar med at storkonsumentar og personar med alkoholproblem har høgare sjanse for å hamna i sjukefråver enn andre, samt at eit aukt alkoholkonsum i befolkninga totalt sett leiar til eit høgare sjukefråver. Det ville vera interessant å vita om dei same samanhengane kunne påvisast i Noreg. Uansett er behovet for klarar tal på dette området tydeleg. Aktuelle problemstillingar:

- Kor mykje av sjukefråveret er relatert til rusmiddelbruk? Korleis varierar dette med bransje, yrke og alder?
- Kva er omfanget på rusmiddelrelaterte arbeidsulykker?

### **2.2.2 Nedsett arbeidsevne**

”Dagen derpå”-effektane kan komma både som kroppslege og reint kognitive reaksjonar. Hermansson peikar på hovudverk, dårlegare

allmenntilstand, diare, låg matlyst, skjelvingar, utmatting og generell dårleg form er kroppslege effektar av rusmiddelbruk kvelden i førevegen som det ofte vert referert til i studiar (Hermansson 2004). Hermansson viser til fleire eksperimentelle studiar der ein har funne ut at eit høgt alkoholinntak nesten alltid fører til symptom dagen etter.<sup>5</sup> Omfanget av nedsett arbeidsevne som følgje av rusmiddelbruk blant norske arbeidstakarar veit vi derimot mindre om.

Synovate MMI si undersøking gav nokre interessante tal på tilsette si fungeringsevne dagen etter at dei hadde drukke alkohol. Så mange som 4 av 10 fortalde at dei hadde hatt problem med å fungera på jobben fordi dei hadde vore i bakrus. 7% av dei spurte sa at dei ofte eller av og til hadde problem med å utføra arbeidsoppgåver dagen etter å ha drukke, medan 34% av dei intervjuja sa at det skjer sjeldan eller at det hadde skjedd for meir enn eitt år sidan. 6 av 10 informantar sa at dei aldri har problem med å utføra arbeidsoppgåver dagen etter at dei har drukke.

Dei yngste (20-29 år) erfarte klart flest konsekvensar av rusmiddelbruken i Synovate MMI si spørjeundersøking. 4% av denne gruppa sa at dei ofte har hatt problem med å utføra arbeidsoppgåver som følgje av rusmiddelbruk dagen før, og 17% at dei av og til har hatt det. I denne aldersgruppa var det berre 43% som sa at dei aldri har hatt problem med å utføra arbeidsoppgåver dagen etter å ha drukke. Det er også personar i alderen 20-29 år som oftast blir borte frå jobb dagen etter å ha drukke i følgje denne undersøkinga.

Basert på MMI si undersøking ser menn ut til oftare enn kvinner å ha problem med å arbeida dagen etter at dei har drukke alkohol. Oslo ligg elles øvst på lista over stader i Noreg når det gjeld å vera i bakrus på jobb. Over halvparten av dei spurde Oslo-borgarane har opplevd å ha dårlegare arbeidsevne dagen etter at dei har drukke alkohol. I Oslo er det også flest som blir borte frå jobben på grunn av dårleg form dagen etter at dei har drukke alkohol. Nesten to av ti seier dei har vore borte frå jobben dagen etter at dei har drukke.

Tala til Synovate MMI indikerar at nordmenn i liten grad er borte frå arbeid dagen etter å ha drukke, men at dei i klart større grad har problem med å utføra arbeidsoppgåver "dagen derpå". Tala indikerar også at

---

<sup>5</sup> Hermansson definerar høgt i denne samanhengen som 1,5-1,75 g/kg noko som tilsvarar 6-7 "burkar starköl" for menn på 80 kg, og 5-6 "burkar" for kvinner på 60 kg. Det finst likevel studiar som viser at "bakfylla" kan innverka på arbeidskapasiteten også etter eit konsum på "4 burkar starköl".

problema er størst i dei yngre aldersgruppene og blant menn.

Ei forskingsbasert tilnærming til desse problemstillingane ville kunna styrka eller svekka inntrykket frå MMI si spørjeundersøking.

Aktuelle problemstillingar:

- Kor vanleg er det å møte på jobb med nedsett arbeidsevne som følgje av rusmiddelbruk? Korleis artar den nedsette arbeidsevna seg?
- Kor mykje kan dette kosta for verksemdene spesielt og arbeidslivet generelt?

### **2.2.3 Positive konsekvensar**

Mykje av det som skjer i fredagspilssamanheng, på studiereiser eller i samanheng med "after work" er positive for miljøet og samhaldet på arbeidsplassen. Konsekvensane kan altså vera positive, og for mange er dei kanskje i all hovudsak det. Denne innfallsvinkelen er ikkje tydeleg trekt fram i høve til norsk arbeidsliv så langt med tanke på omfang og eventuell verdi. Det er fleire stader i forskingslitteraturen peika på at den arbeidsrelaterte alkoholbruken også har positive konsekvensar.

Aktuell problemstilling:

- På kva slags måte og i kva slags omfang har rusmiddelbruken blant tilsette i norsk arbeidsliv positive konsekvensar for arbeidsstaden og arbeidsmiljøet? Kva slags positiv verdi representerar alkoholbruken blant tilsette?



### **3 Kunnskapsbehov om samanheng mellom utviklinga i samfunn og arbeidsliv, og arbeidsrelatert rusmiddelbruk**

Fleire omkringliggende forhold kan verka inn på tilsette sine haldningar til, og bruk av rusmidlar. Dette har også vorte påpeika av informantane i denne undersøkinga. Nokre av informantane er særskilt opptekne av balansen mellom arbeidslivet og fritida, og peikar på kjenneteikn ved det moderne arbeids- og samfunnslivet som viktige faktorar å sjå den arbeidsrelaterte bruken i høve til. Her vil eg trekka fram nokre få utvalde tema.

#### **3.1 Meiningsproduksjon og normdanning**

Østhus (2005) viser til ei aukande liberal haldning til alkohol i Noreg over fleire år. Nokre av mine informantar peikar på at liberaliseringa av alkoholbruken kan ha langsiktige overslagseffektar i høve til ulike samfunnsroller. I samband med dette vert normene for rusmiddelbruk i arbeidslivssamanheng og for regulering og kontroll av rusmiddelbruk blant tilsette framheva som eit interessant felt med behov for meir kunnskap. Korleis endrar desse normene seg?

Ein av informantane hevdar at sterke samfunnsmessige og næringslivsbaserte interessentar prøver å halda rusmiddeltemaet unna blant anna forskning og gransking. Det kan dreia seg om ulike leverandørar og produsentar av alkohol.

”Nokon arbeider medvite med marknadsføring og promotering av alkohol som nyting. Det vert sett som eit framsteg å ha eit kultivert forhold til alkohol. Mange av desse aktørane får lov å setja dagsorden. Dette kunne i seg sjølv vera eit tema. Korleis pressar interessegruppene for alkohol seg på?” (Arbeidslivsforskar)

Eit tema som kunne vera av interesse i forskningssamanheng er korleis marknadsføringa av alkoholprodukt føregår og korleis denne verksemda verkar inn på samfunnsborgarar og tilsette sine haldningar til alkoholbruk. Frilansjournalist Sidsel Dalen peikar i ein artikkel i Aftenposten (02.07.07) på den løynde marknadsføringa som skjer gjennom blant anna ”spin-off”-produkt som klede eller sigarettar, mellommenn i form av journalistar og

tilsette i restaurantbransjen, og såkalla ”Dark-marketing”.

Eit tema kan knyttast til det ein av informantane peikar på som eit alvorleg kjenneteikn ved vårt samfunn, at alkoholbruken ikkje lenger blir problematisert:

”Varslarar blir i denne samanhengen ledd av. Å varsle om rusmiddelbruk blir gjerne bagatellisert, overhøyr, eller ein blir gjort til latter. Temaet blir ikkje tatt alvorleg.” (Arbeidslivsforskar)

Fleire av dei tema som her er nemnt, dreiar i liten grad spesifikt om arbeidslivet. Det kan likevel vurderast om ikkje ein del av kunnskapen som kan utviklast på dette området vil kunne vera viktig også i høve til å forstå den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken betre. Aktuelle tema og problemstillingar for forskning kan blant anna vera:

- Korleis verkar endringar i rusmiddelbruken i samfunnet inn på allment aksepterte ”sanningar” og haldningar om rusmiddelbruken sin plass og funksjon også relatert til arbeidet.
  - Vert normene for arbeidsrelatert rusmiddelbruk også flytta?
  - I kva grad vert sjølvmedisinering ved hjelp av rusmiddelbruk akseptert blant tilsette i dag?
- Er dei interne kontrollmekanismane rundt rusmiddelbruken i arbeidslivet endra? Kva slags kontrollmekanismar finn vi i dag? Er kontrollen vorten individualisert?
- Korleis arbeider interessantar med marknadsføring av rusmiddelprodukt? Korleis verkar denne marknadsføringa inn på den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken?

### **3.2 Det ”grådige” arbeidslivet og balansen mot privatlivet**

Fleire informantar meiner det er viktig å vurdere den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken i høve til innhaldet i og krava som er knytta til arbeidslivet.

Biletet av eit arbeidsliv som vert meir grenselaust og grådig når det gjeld krav, tempo, intensitet og tidsbruk vert peika på av fleire forskarar både nasjonalt og internasjonalt (Hensing et al. 2006, Sørensen 2006, Sørensen og Grimsmo 2001, Hochschild 2003 og Sennett 1998). Nesvåg og Lie (2004) finn blant anna at ein aukt arbeidsrelatert alkoholbruk er knytta til

arbeid utanfor eigen arbeidsplass og reiseverksemd.

I tråd med utviklinga av organisasjonstenkinga drøftar Frøyland, Grimsmo og Sørensen (2005) konsekvensane av moglege endringar i arbeidskontrakten. Ikkje minst utgjer ei dreining av arbeidslivet i retning av relasjonsarbeid og emosjonelle yrke nye og andre utfordringar for tilsette enn det dei tidlegare var utsette for. Kan endringane føre over i aukt fokus på såkalla "employabilitet", det vil seia endringar i retning av at den enkelte arbeidstakar vert meir oppteken av sine personlege sjansar på arbeidsmarknaden? Kan dette vidare medverka til at tilsette vil utvikla meir kortsiktige perspektiv på tilsetjingsforholda og dermed vert meir kalkulerande og mindre opptekne av å vise lojalitet. Dette kan i så fall få minst to typar av konsekvensar. På den eine sida kan vi kanskje rekna med at eit kortsiktig perspektiv gjer dei tilsette mindre opptekne av å medverka til å skapa gode og ivaretakande arbeidsmiljø. På den andre sida kan aukte krav på den enkelte føre over i aukt stress som igjen kan verka inn på rusmiddelbruken.

Det kan i denne samanhengen vera behov for å sjå på tidsklemma og rusmiddelbruk. Hensing et al. 2006 fann i alle fall at auken i sjukefråver som følgje av psykiatrisk lidning var størst både hjå kvinner og menn i dei aldrane då aktiviteten på jobben er høgast i kombinasjon med ansvar for familie og hushald. Finst der ein liknande samanheng eller korrelasjon i høve til rusmiddelbruken?

Denne balansen mellom arbeidet og livet elles er interessant også i eit rusmiddelperspektiv. Hildegunn Sagvåg fokuserar i si avhandling (under arbeid) med misbruksutvikling i arbeidslivet. Ho har lagt til grunn ei heilskapleg tilnærming der ho også trekkjer inn både familieliv og arbeidsliv, og ser dette i høve til misbrukutviklinga. I høve til kvinner kan omsorgsbelastninga i heimen til dømes vera ein del av problemutviklinga, slik det også vert forutsett i bruken av termen "tidsklemma" ovanfor.

Dette tematiserer eit spørsmål kring kor langt det arbeidslivsrelaterte rusmiddelfokuset skal strekka seg. Kva av rusmiddelbruken er arbeidslivsrelatert og relevant i vår samanheng? Nokre informantar favoriserar ei vid tolking av dette spørsmålet. Haldninga er at ein må sjå arbeidslivet og livet elles i samanheng, ein kan ikkje isolere det eine frå det andre. I andre enden av denne skalaen vil nokre hevde at det som er relevant i arbeidslivssamanheng, berre er den rusmiddelbruken som føregår i direkte tilknytning til arbeidet eller arbeidsplassen. Dei uklare føringane på korleis arbeidslivet skal handtera rusmiddelbruk i gråsonene, eksemplifiserar nettopp at det er uklare og varierende meiningar om

gråsonene er ein del av arbeidslivet eller ikkje. Informantane som er intervjuja i denne samanhengen har ulike meiningar om dette. Her er det behov for eit betre bilete.

Aktuelle tema og problemstillingar for forskning:

- Kva slags samanhengar kan finnast mellom krava i arbeidslivet og bruk av rusmidlar blant tilsette?
- Kan tøffe krav om å yta på høgt nivå medverka til rusmiddelbruk? Er det slik at ein i nokre yrkesgrupper må ty til bruk av medikament for å mestre? Kan eit hektisk arbeidsliv med mykje og lang reising medføra eit tempo og ein belastning som kroppen ikkje klarar?
- Er nokre bransjar eller yrke meir ”grådige” enn andre og dermed i større grad risikoryke for arbeidsrelatert rusmiddelbruk?

### 3.3 Kjønnsperspektivet

Kjønnskildnadene i høve til arbeidsrelatert rusmiddelbruk vert framheva av fleire informantar, og også i litteraturen (sjå bla. Duckert 2003). Det har skjedd store endringar kring kjønnsrollene i samfunnet. Dette gjeld også på arbeidsmarknaden i den perioden til dømes AKAN har vore aktive. Kvinner er i dag i langt større grad enn tidlegare lønna arbeidstakarar. Horverak og Bye (2007) peikar på at rusmiddelbruken blant kvinner har aukt tydeleg, sjølv om menn framleis drikk mest. Fleire andre stader peikar ressurspersonar på at kvinner og menn har ulike måtar å bruka rusmidlar på (Shdir 2007), men dette er fenomen som så langt ikkje er godt skildra i forskingssamanheng med arbeidslivet som arena.

Aktuelle tema og problemstillingar for forskning:

- Har menn og kvinner ulike måtar å bruka rusmidlar på i tilknytning til arbeidslivet? På kva slags måte brukar tilsette kvinner og menn rusmidlar likt og relatert til arbeidslivet?
  - Korleis forhold dette seg med spesielt fokus på kvinner på nye og mannsdominerte område, kvinner i leiarstillingar og kvinner utan omsorgsansvar?
- Korleis verkar normendringar og liberalisering på rusmiddelområdet inn på kvinner sine haldningar og det arbeidsrelaterte alkoholforbruket deira?

## **4 Kunnskapsbehov om rusmiddelførebygging i arbeidslivet**

Det finst fleire innfallsvinklar til å driva rusmiddelførebyggande arbeid i norsk arbeidsliv. Desse er tidlegare blant anna skildra både i Frøyland (2005) og i Frøyland, Grimsmo og Sørensen (2005). AKAN og IGOR har utvikla fleire ulike intervensjonsformer i høve til å handtera arbeidslivsrelatert rusmiddeltematikk. I tillegg har feltet fått idear og innspel frå tidlegare CAPS og Euridice. Mange bedriftshelsetenester og konsulentfirma arbeider også med tematikken. Internasjonalt finn vi fleire tilnæringsmodellar under utvikling blant anna i USA. Er det i dag behov for forskning når det gjeld å utvikla gode identifikasjons- og intervensjonsformer, eller i høve til å implementera desse i arbeidslivet?

Før vi går inn på dette spørsmålet vil eg for ordens skuld bruka litt plass på om og i kva grad arbeidslivet i det heile er ein aktuell arena å driva med rusmiddelførebygging på. Forsking både i Noreg og i Sverige viser at arbeidslivet i liten grad ser ut til å vera motiverte for å driva aktiv rusmiddelførebygging (Eriksson og Sandberg 2004, Frøyland m.fl. 2005). Det kan sjå ut som om motivasjonen først melder seg når problema dukkar opp blant tilsette. Frøyland og Grimsmo (2006) viser tildømes at dei færraste norske verksemdene driv eit rusmiddelførebyggande arbeid i praksis. Det er beredskapen som ligg i ei systemetablering samt innsatsen i høve til individsakene som vert høgast prioritert i det mindretalet av verksemdar som har etablert eit rusmiddelførebyggande arbeid. Interesse blant arbeidsgivarar synest vera avgrensa, i staden ser ein tendensar til å vilja setje bort det rusførebyggande arbeidet til eksterne aktørar. Dette kan i seg sjølv vera eit argument mot å driva med rusmiddelførebygging i arbeidslivet.

### **4.1 Er arbeidslivet ein god arena for førebygging?**

Informantane peikar på fleire grunnar for nettopp å nytta arbeidslivet som ein arena for rusmiddelførebygging:

#### **4.1.1 Tilgang på folk og rusmiddelrelaterte skader/konsekvensar**

Det er i arbeidslivet ein treff folk flest, samt at mange av dei rusmiddelrelaterte skadane og konsekvensane vert synlege innafor ein arbeidslivssetting. Sidan rusmiddelproblem eksisterar blant arbeidstakarar

må dette derfor i nokon grad vera eit tema også i arbeidslivet. Frøyland m.fl. (2005) gir indikasjonar på at enkeltpersonar med rusmiddelproblem har fått god hjelp med sine problem gjennom arbeidsplassen.

#### **4.1.2 Arbeidstilknytninga som motivasjon for endring**

Å kunne delta i arbeidslivet er viktig for folk, ikkje berre som livsgrunnlag, men når det gjeld å bygga identitet og sjølvkjensle. Folk vil behalda tilknytninga til arbeidslivet, og det finst difor eit godt motivasjonsgrunnlag for å få til dialog og tiltak kring potensielle vanskar med arbeidslivet som utgangspunkt.

#### **4.1.3 Rammeverk på plass**

Ein annan grunn for å nytta arbeidslivet til rusmiddelførebygging er at mykje av rammene rundt eit slikt arbeid allereie er på plass. Det er etablert fleire system som regulerer arbeidslivet, og som rusmiddelførebygginga naturleg høyrer heime under. Vi har ei arbeidsmiljølov med etablert arbeidsleiaransvar, og det er lange tradisjonar for formaliserte samhandlingsordningar mellom partane i arbeidslivet.

#### **4.1.4 Manglar i hjelpeapparatet**

Nokre av informantane argumenterar for rusmiddelførebygging i arbeidslivet med bakgrunn i manglar i hjelpeapparatet blant anna i høve til å komma tidleg inn i negative utviklingsforløp. Det har lenge vore kjent at det finst fagleg og forskingsbaserte metodar for tidleg identifisering og intervensjon å ta i bruk blant anna hjå legane (NOU 2003). Likevel har ein så langt ikkje lukkast med implementeringa i praksis. Kan henda er arbeidslivet betre eigna til tidleg intervensjon. I arbeidslivet treff ein tilsette før dei har utvikla eit rusmiddelproblem, og før dei har teke kontakt med hjelpeapparatet.

#### **4.1.5 Økonomisk forteneste**

Gjelsvik (2004) sine kalkulasjonar av kostnadene for arbeidslivet som følge av alkoholbruk blant tilsette indikerer at det kan vera store pengar å tena på rusmiddelførebygging i arbeidslivet. Her må meir arbeid gjerast for å tydeleggjera dette. Det er truleg pengar å tena både gjennom aukt produktivitet, redusert fråver og betre arbeidsmiljø.

Samtidig finst det fleire argument som kan tala imot eller nyansera spørsmålet om ein skal nytta arbeidslivet til rusmiddelførebygging:

#### **4.1.6 Rusmiddelbruk ei aparte problemstilling i ein arbeidslivs-samanheng?**

Funn både i svensk og norsk forskning saman med erfaringane frå nokre av informantane viser klart at alkoholbruk i mange verksemdar ikkje vert opplevd som problematisk. Mange assosierer alkoholbruk først og fremst med kos og moro. Berre dei færreste arbeidstakarar utviklar eit rusmiddelproblem.

Ein av informantane framheva då også at rusmiddeltemaet i all hovudsak utgjer ei heller marginal problemstilling ut frå eit arbeidslivsfokus. Hovudargumentet var som følgjer: ”Dei fleste tilsette har ikkje rusmiddelproblem, og skal ein driva verksemdene framover må ein bruke tid og krefter på det som verkar, ikkje på problema og la desse omsyna styre innfallsvinkelen”. Han peika på at rusmiddeltemaet for dei fleste verksemdene truleg vil vera relativt lite i høve til mange andre sentrale område for verksemdene. Argumentet handlar blant anna om at dersom ein skal skapa gode arbeidsplassar må ein arbeide med nettopp dette, og ikkje konsentrera arbeidet rundt eit særskilt problem som i tillegg er avgrensa. Det ligg ein helsefremjande tanke i dette. Ein må arbeida for å fremja eller bygga gode arbeidsmiljø heller enn å freista å hindra framvekst av ulike typar av avgrensa problem for enkelte av arbeidstakarane. Dette blir slik eit argument for å inkludera rusmiddeltemaet som eit undertema integrert i anna arbeidsmiljø- og HMS-tenking. Dette er også ei påminning om at rusmiddeltemaet ikkje må få for stort eller for isolert fokus.

#### **4.1.7 Meir risiko blant dei som ikkje er i arbeid**

Ein stadig større del av folket er ikkje yrkesaktive og vil dermed ikkje kunne nåast gjennom rusmiddelførebygging i arbeidslivet. Om lag 350 000 stod utanfor arbeidsmarknaden i 2004 i følge Knut Halvorsen (2004). Å ikkje vera i jobb vert av nokre peika på som ein risiko i seg sjølv. Enkelte av informantane har erfaringar med pensjonistar som ei mogleg risikogruppe. Med unntak av dei ein kan nå før dei sluttar i arbeidslivet og slik førebygga vanskar i samband med overgangen, vil ein sjølvsagt ikkje nå dei utan jobb med arbeidslivsrelaterte tiltak. I rusmiddelførebyggingssamanheng vil dei utanfor arbeidsmarknaden vera vel så interessante.

#### **4.1.8 Gode grunnar for å forske på rusmiddelførebygging i arbeidslivet?**

Det finst altså argument både for og imot å nytta arbeidslivet som arena for rusmiddelførebygging. Mi vurdering er at argumenta for å nytte arbeidslivet i denne samanhengen likevel er så gode at dei ikkje kan oversjåast. Temaet vil no likevel måtte tvinga seg fram når rusmiddelvanskar og konsekvensane av tilsette sin rusmiddelbruk kjem for dagen i verksemdene. Samtidig syner innspela som er presentert ovanfor, at det er grenser for kor sentralt fokuset på rusmiddelbruken er i arbeidslivssamanheng. Dette er viktig kunnskap å ta med seg i det vidare arbeidet, og bør slik eg ser det kunne tene som nyttig korrektiv til rusmiddelførebyggingsinitiativ. Med bakgrunn i dette vil eg derfor argumentera for at rusmiddelførebygging i arbeidslivet er fornuftig og at det difor også bør vera riktig å framskaffa meir forskingsbasert kunnskap om rusmiddelførebygging og tidleg intervensjon i arbeidslivet.

### **4.2 Behov for forskning om ulike intervensjonsformer?**

Vi kan dermed venda fokuset attende til spørsmålet som vart stilt tidlegare: Er det i dag behov for forskning når det gjeld å utvikla gode identifikasjons- og intervensjonsformer, eller i høve til å implementera desse i arbeidslivet? Sjølv om det finst mange intervensjonsformer utvikla for bruk i arbeidslivet i dag, så er den forskingsbaserte kunnskapen om dette ikkje så omfattande. Fleire av informantane framhevar fleire behov:

#### **4.2.1 Tidleg intervensjon**

Ei hovudutfordring når det gjeld rusmiddelførebygging i arbeidslivet er å komma tidleg nok inn i negative utviklingsforløp til å kunne gjera noko med det. Tidleg intervensjon handlar om å agera der ein ser teikn til mogleg problem (indikative tilnærmingar) eller i høve til grupper av tilsette som er særleg eksponerte for rusmiddelbruk gjennom arbeidet (selektive strategiar). Fleire informantar peikar på at det er ei utfordring å få både primær og spesialisthelseteneste til å etablere eit tidleg intervensjonsfokus, og at arbeidslivet også av den grunn vert ein svært aktuell arena for tidleg intervensjon. Det er behov for å fokusera på den vanlege arbeidstakar sin rusmiddelbruk, for å komma inn i problemutviklingsforløpa og få til endringsdialogar med desse på eit tidlegare stadium. Arbeidslivet vert slik av fleire informantar framheva som ein viktig kontakt- og identifiseringsstad i høve til folk med moglege rusmiddelproblem.

Frøyland og Grimsmo (2006) viser at leiarar og tilsette i mange tilfelle ser ut til å sjå gjennom fingrane med bekymringsfull rusmiddelbruk blant kollegaar, og at ein i staden for å gripa inn på konstruktivt vis let vera å gjera noko eller sågar bidreg til å dekkja over dei problematiske sidene ved rusmiddelbruken.

Det finst utarbeida oversikter over risikofaktorar og vernande faktorar når det gjeld barn og unge (Johannessen og Mounteney 2005, NIDA 2003 og 2005). Det vil vera behov for å definera slike ”varselknaggar” både på individnivå og for arbeidsmiljøet eller arbeidsplassen som heilskap. Det føreligg kunnskap om at brief-interventions nytta blant legar og som også kan nyttast av sjukepleiarar har god effekt i alle fall på kort sikt. Dette kan vera eit potensiale også for arbeidslivet.

Skal ein få til handling på eit tidleg tidspunkt i høve til tilsette i arbeidslivet, vil det truleg ikkje vera nok med denne kunnskapen om risikofaktorar på individ og/eller miljønivå. Det vil truleg krevst både ei klar forståing hjå den enkelte av kva slags mandat vedkommande har i høve til å kommentera, drøfta med kollega, eller rapportera til leiar om ei bekymring for ein kollega. I tillegg vil det truleg vera naudsynt å trenast på denne handlinga for å sikra tilstrekkeleg ”handlingskompetanse” hjå den enkelte tilsette (Shdir 2007).

Aktuelle tema og problemstillingar for forskning:

- Kva er gode metodar for tidleg identifikasjon og tidleg intervensjon i arbeidslivet?
  - Kva er eigna teikn på risiko blant tilsette på individ og gruppenivå? Når gir det ein ser grunn til bekymring? Kva skal ein gjera med denne bekymringa?
  - Korleis kan bedriftshelseteneste og HMS-systemet bli betre på tidleg identifikasjon og tidleg intervensjon?
- Korleis verkar det individuelle AKAN-arbeidet i Noreg i dag? Bør det individuelle AKAN-arbeidet evaluerast?
- Systematisk utprøving av førebyggingstilnærmingar
  - Korleis kan ein betre nå fram til bransjar med liten grad av tillitsvaldapparat og partsorganisering?
  - Korleis skal ein nå heimekontorarbeidarar?
- Korleis kan internett brukast konstruktivt i tidleg intervensjons-samanheng?

### 4.2.2 Effektane av outsourcing

Ein av informantane peikar på at mykje HMS-arbeid og anna vert i dag outsourca til eksterne HMS-selskap. Dette vert også gjort når det gjeld ansvaret for å handtera rusmiddelspørsmåla.

Omfanget av outsourcing av det rusmiddelførebyggande arbeidet i norske verksemder kjenner vi ikkje godt i dag. Tendensar til dette er påvist hjå Frøyland m.fl. (2005). Effektane for rusmiddelførebygginga som følgje av slike outsourcingstrekk føreligg det etter vår erfaring lite forskingsbasert kunnskap om.

Ein av ideane AKAN si tilnærming byggjer på er at arbeidsstaden sjølv må ha ansvaret for å handtera slike vanskar fordi det nettopp er arbeidsstaden som er ansvarleg for arbeidsmiljøet. Å kople ansvaret for arbeidsorganisering med ansvaret for å handtere eventuelle skader av arbeidsorganiseringa, vert difor sett på som fornuftig i høve til å kunne fremje konstruktive og gode arbeidsmiljø.

Samtidig opplever mange tilsette og leiarar det som svært vanskeleg å handtera rusmiddelvanskar blant tilsette. Dei har ikkje den naudsynte kompetansen til det, og frekvensen av slike vanskar i verksemda er hjå dei aller fleste såpass låg at ein ikkje rekk å bygge opp og vedlikehalda ein god kompetanse på dette området. I større verksemder syner blant anna Frøyland m.fl. (2005) at ein har gått bort frå fleire til nokre få AKAN-kontaktar i verksemda, nettopp fordi problem av denne typen er så sjeldne at grunnlaget for å vedlikehalda kompetansen til mange ikkje er der. Nokre stader set ein desse oppgåvene bort til bedriftshelsetenesta eller eit eksternt konsulentselskap. Dette temaet er sjølvsagt særleg aktuelt i høve til mindre verksemder. Korleis skal desse sjølv kunne ivareta og forvalte ein slik kompetanse? I mindre verksemder kan kanskje outsourcing vera ein naudsynt veg å gå?

Aktuelle tema og problemstillingar for forskning:

- Korleis verkar outsourcing av det rusmiddelførebyggande arbeidet inn på kvaliteten av det rusmiddelførebyggande arbeidet og rusmiddelbruken i verksemda?
- Kva slags løysingar er gode for dei mindre verksemdene? Bør ein her kunne sjå på fellesskapsløysingar?

### 4.2.3 Testing

Fleire av informantane nemner rusmiddeltesting som eit aktuelt tema. Dei

er likevel ikkje særleg opptekne av å framskaffe meir kunnskap om korleis testinga verkar og kva slags rolle rusmiddeltesting kan ha i høve til å førebygga rusmiddelvanskar blant tilsette. Informantane ser tvert om ut til å vera opptekne av eit fokus på testing av tilsette kan ta fokuset bort frå nokre av dei viktige tema som knyttar seg til korleis den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken utviklar seg, og korleis arbeidslivsaktørane på beste måte kan ivareta sine roller i førebygginga av uheldige rusmiddelbrukskulturar.

Rolla rusmiddeltestinga spelar i høve til rusmiddelbruk og førebygging i arbeidslivet er omtalt fleire plassar tidlegare. Frøyland (2005) konkluderar med at rusmiddeltesting førebels ikkje ser ut til å spela ei sentral rolle i høve til omfanget av rusmiddelbruk og førebygging av rusmiddelbruk og problem i arbeidslivet. Nesvåg (2001) peikar på at det er viktig å skilja mellom testing i ulike samanhengar. Det er stor skilnad på tilfeldig testing av tilsette og testing i samband med ulykker, ved mistanke om påverknad, eller i samband med rehabilitering. Deler av forskinga på området peikar på at testing før tilsetjing ser ut til å stenga ute personar med eit vanskeleg forhold til rusmidlar frå arbeidet.

Frøyland m.fl. (2005) fann at 70% av dei verksemdene som oppgav at dei arbeidde med rusmiddelførebygging på arbeidsplassen, ikkje testa tilsette i høve til rusmiddelbruk. 28% av desse verksemdene oppgav at dei testa som ledd av kontroll (ved tilsetjing, ulykker, mistanke eller rutinemessig). 1% av verksemdene testa sine tilsette av medisinske grunnar.

Samtidig er det klart at det er kunnskapsmanglar når det gjeld til dømes kva slags rolle testinga kan ha i høve til omfang på rusrelatert fråver, skader og/eller ulykker.

Aktuelle tema og problemstillingar for forskning:

- I kva omfang og i kva for samanhengar testar verksemdar i norsk arbeidsliv tilsette i dag? Er det skilnader mellom ulike bransjar?
- Kva slags konsekvensar har testinga i høve til rusmiddelbruk på arbeidsstaden, i høve til rusmiddelførebygging på arbeidsstaden, og i høve til kven som vert tilsette i verksemdene?

#### **4.2.4 Implementeringsutfordringar**

Vi har alt vore inne på at det knyttar seg utfordringar til implementering av rusmiddelførebyggande arbeid i arbeidslivet. Studiane til Rogalandsforskning og AFI viser at arbeidslivet sine handlingar i høve til rusmiddeltemaet på arbeidsplassen varierer frå dei svært aktive

verksemdene til dei heilt passive. Føreliggande studiar teiknar eit bilete av kva utfordringane blant anna botnar i:

- Nokre verksemdar fokuserar i hovudsak på å ha "det formelle" i orden, dei informerer tilsette, men lite skjer ut over dette i praksis. Dei har slik reglane på plass, men systemet kan i eit førebyggingsperspektiv få meir preg av å vera eit alibi enn å representera ei medviten og aktiv haldning til rusmiddeltemaet.
- I ein del verksemdar synest dei negative sidene ved rusmiddelbruk å vera lite fokuserte. Tilsette fortel om fri flyt av alkohol ved arrangement i verksemda, bedrifta spanderar, ein kan drikka så mykje ein vil. Også måten ein forhold seg til rusmiddeltemaet synest vera lite styrt og planlagt.
- Nokre verksemdar viser ein tydeleg dobbeltmoral knytta til alkoholbruk blant tilsette. På den eine sida er det strengt forbode å nytta rusmidlar i arbeidssamanheng eller å vera påverka i arbeidsrelaterte situasjonar, men på den andre sida ser ein fot gjennom fingrane i høve til tilsette som har eit slikt problem eller som går over streken i visse samanhengar, og det er fri flyt av alkohol ved utanlandsopphald.
- Nokre verksemdar tyr til enkle grep for å fjerna problema og utfordringane knytta til rusmiddelbruk blant dei tilsette. Dei outsourcar det heile til eit konsultentselskap eller ei bedriftshelseteneste.
- Frøyland og Grimsmo (2006) viser at tilsette gjerne går inn i observatørroller og i mange tilfelle bidreg til kamuflasje og overdekking av rusmiddelbruken blant kollegaar. Berre unntaksvis rapporterar tilsette vidare til leiarar eller tek det sjølv opp med den det gjeld.
- Frøyland og Grimsmo argumenterer vidare for at norske verksemdar i hovudsak legg eit *individperspektiv* til grunn når dei vurderar dei problematiske sidene ved rusmiddelbruk blant tilsette. I dette ligg det at rusmiddelbruken først blir sett som eit problem for arbeidslivet når ein arbeidstakar utviklar eit rusmiddelproblem.

Studiane gir fleire indikasjonar på kva implementeringsvanskane kan botna i. For det første er den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken lite tematisert i verksemdene, for det andre avdekkar studiane lite kompetanse blant leiarar og tilsette i høve til korleis dei skal handtera temaet, og for det tredje ser

det ut til å vera vanskeleg å setja ord på sjølve temaet. Det knyttar seg ulike former for tabu til rusmiddelbruken, og mange ser ut til å oppleve at dei ”trør over ein terskel” mot den private sfæren som dei ikkje sjølv opplever at dei har nokon sjølv sagt rett til å gjera, når dei omtalar rusmiddelbruken hjå kollegaar.

Det er samtidig viktig å merka seg at dokumentasjonen vi har vist til synleggjer at dei som vil noko på dette feltet faktisk kan få noko til. Arbeidsliv og bruk av rusmidlar er altså eit tema det er mogleg å få til ein positiv og kvalitativt god tilnærming til blant aktørar i arbeidslivet dersom vilja til å satsa på det er til stades. Sjølv om også leiarane i verksemdene inntek svært ulike roller i det rusmiddelrelaterte arbeidet (Frøyland m.fl. 2005), finn ein samtidig at nokre leiarar er dyktige til å ta tak i dette temaet både i høve til enkeltsaker på arbeidsstaden, men også i høve til å gjera noko med rusmiddeltemaet generelt på arbeidsstaden. Leiaren si rolle kan vera avgjerande for at arbeidet med rusmiddeltemaet får liv og fart.

Ein av informantane peikar på at å fokusera på verksemda sitt ”omdømme” i høve til nærmiljø eller forretningspartnarar, eller på verksemda sitt behov for ”tryggleik” blant anna i høve til å forvalta sensitiv informasjon, unngå ulykker og liknande, kan vera nokre gode måtar å argumentera for eit rusmiddelførebyggande arbeid i verksemda. Det ser ut til å vera behov for fleire gode grep for å få til ei aktiv rusmiddelførebygging i arbeidslivet.

Aktuelle tema og problemstillingar for forskning:

- Er intervensjonsformene tilpassa arbeidsgivarane sine haldningar?
- Kva slags metodiske tilnærmingar eller modellar for førebygging er attraktive for arbeidslivet?
- Kva kjenneteiknar ein konstruktiv dialog mellom arbeidslivet dei som arbeider med rusmiddelførebygging?



## 5 Betre forskingsmetodikk

Informantane peikar ikkje berre på tema knytta til kunnskap om arbeidslivet og rusmiddelbruk og førebygging, dei er også opptekne av forma på sjølve kunnskapsproduksjonen om temaet. Generelt ser ein behov for ein breiare kunnskapsproduksjon som femner både grunnlagsstudiar, gjennomføringsstudiar av ulike tiltak, samt resultatundersøkingar. Nokre informantar peikar også på ei utfordring når det gjeld forskingsmetodikk. Det vert peika på behov for blant anna å i større grad ha rom for deltakande observasjon som metode for å kunne forstå arbeidslivsrelatert rusmiddelbruk. Dette er eit forskingsdesign som i dag ofte vert vurdert å vera for kostbart.

Aktuelle behov:

- Det er behov for å gjera kontrollerte forsøk med arbeidslivet som arena. Det er behov for å finna gode metodar for å måla effekt. Tema som sjukefråver og arbeidsulykker er aktuelle.
- Det er behov for kvalitative tilnærmingar som til dømes deltakande observasjon.



## 6 Sentrale forskingsbehov

Ein hovudkonklusjon i denne gjennomgangen er at det har kome lite vesentleg ny norsk kunnskap fram om temaet arbeidsliv og rus dei siste åra. Det finst fleire oppdaterte kunnskapsoppsummeringar produsert etter 2000. Det er på noverande tidspunkt difor ikkje behov for fleire kunnskapsoppsummeringar.

Med bakgrunn i innspela frå nøkkelinformantane og den gjennomgangen som dette dokumentet representerer, vil eg framheva følgjande problemstillingar som interessante i høve til den vidare kunnskapsproduksjonen på dette området:

1. Om den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken, og då spesielt:
  - a. Kor mykje vert det drukke i arbeidsrelaterte situasjonar?
  - b. Varierar rusmiddelbruken alt etter kva slags bransje det dreiar seg om, kvar i landet ein oppheld seg, eller kva slags rolle ein har i organisasjonen?
  - c. Kor mykje av drikkinga i gråsonene er arbeidsrelatert?
  - d. Er det eit drikkepress blant tilsette, og korleis artar dette seg i så fall?
  - e. Korleis vert den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken forma eller endra ved overgangar inn i eller ut av arbeidslivet?
  - f. Kva er omfanget og karakteren av arbeidsrelatert bruk av illegale rusmidlar og/eller medikament?
  - g. Kva kjenneteiknar dei tilsette som klarar å kombinera rusmiddelbruk (kanskje helst medikamentbruk) med deltaking i arbeidslivet?
  - h. Kva for funksjon har rusmiddelbruken i ulike grupper av tilsette?
2. Om rusmiddelproblem blant tilsette, og då spesielt:
  - a. Korleis kan omgrepet "rusmiddelproblem" definerast på ein adekvat måte i høve til arbeidslivet?
  - b. Kva er omfanget av ulike rusmiddelproblem blant tilsette i norsk arbeidsliv?
  - c. Kva slags rolle spelar arbeidslivet i høve til utviklinga av rusmiddelproblem blant tilsette?
  - d. Kva slags rolle kan arbeidslivet spela i høve til å unngå utvikling av rusmiddelproblem blant tilsette?

3. Om konsekvensane av arbeidslivsrelatert rusmiddelbruk, og då spesielt om:
  - a. Kva er omfanget av rusmiddelrelatert sjukefråver og rusmiddelrelaterte ulykker?
  - b. Kva kostar rusmiddelbruken reint økonomisk for arbeidslivet både på samfunns- og verksemdsnivå?
  - c. Korleis påverkar arbeidsrelatert rusmiddelbruk arbeidsmiljøa på ulike arbeidsplassar?
  - d. Kva for positive konsekvensar har den arbeidslivsrelaterte rusmiddelbruken?
4. Om sentrale samanhengar mellom samfunns- og arbeidslivsutviklinga og tilsette sin rusmiddelbruk. Deriblant om følgjande:
  - a. Korleis vert normene for arbeidsrelatert rusmiddelbruk og rusmiddelførebygging i arbeidslivet påverka av liberaliseringa av alkoholbruken i samfunnet elles?
  - b. Korleis verkar aukande intensitet og høgare individuelle krav i arbeidslivet inn på den arbeidslivsrelaterte rusmiddelbruken, og er det bransjeskilnader knytta til dette?
  - c. Kor langt må og kan det arbeidslivsrelaterte fokuset strekka seg i retning av den private sfæren for å ha eit konstruktivt nedslagsfelt for å forstå den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken?
  - d. Kjønnspektivet – har menn og kvinner ulike måtar å bruka rusmidlar relatert til arbeidet på?
5. Om rusmiddelførebygginga i arbeidslivet, og då spesielt om:
  - a. Kva er gode metodar for tidleg identifikasjon og intervensjon?
  - b. Kor omfattande er outsourcinga av det rusmiddelførebyggande arbeidet, og kva for effektar har outsourcinga?
  - c. Kva er gode verkemiddel for implementering av rusmiddelførebygging i arbeidslivet?
6. Om behovet for å utvikla betre metodar for å forska på rusmiddelbruk med arbeidslivet som arena.

## 6.1 Innsatsområde som bør prioriterast

Dei aller fleste av informantane var klare på at arbeidsliv og rusmiddelbruk er eit område der kunnskapen ennå er for dårleg, og som det difor må fokuserast meir på i åra framover. Svaret på om dette temaet fortener aukt merksemd er slik eit klart ja basert på den gruppa av informantar som er intervjuar her. Samtidig har intervjuar med nøkkelinformantane gitt eit

inntrykk av at det er uklart kor viktig rusmiddeltemaet er i ein arbeidslivssamanheng, og kva slags rolle arbeidslivet kan ha i høve til å kunne verka inn på tilsette sin rusmiddelbruk. Eit klart kunnskapsbehov vil dermed vera nettopp å frambringa kunnskap som gjer oss i betre stand til å vurdera kva slags rolle arbeidslivet spelar i høve til tilsette sin rusmiddelbruk, samt kor viktig arbeidslivsarenaen er i rusmiddelførebyggingsamanheng.

Eg vil framheva følgjande tre område som blant dei viktigaste i det vidare arbeidet med forskning retta mot arbeidslivet som arena:

### **6.1.1 Systematisk overvaking av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken**

Så langt har vi i Noreg ikkje hatt noko systematisk overvaking over korleis rusmidlar vert brukt relatert til arbeidslivet. Ei systematisk overvaking av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken vil på sikt gi oss eit betre grunnlag for å vurdera kor viktig arbeidslivet som arena er i høve til rusmiddelbruk og rusmiddelførebygging. Ei slik systematisk overvaking kan leggast til SIRUS sine regelmessige undersøkingar, eller til andre regelmessige datainnsamlingar på nasjonalt nivå (t.d. levekårsundersøkinga). Så langt har spørsmåla som er stilt om rusmiddelbruk og arbeidsliv ikkje vore eigna til å bygge opp eit kunnskapsgrunnlag på dette feltet. Spørjeundersøkingar bør supplerast av regelmessige kvalitative undersøkingar i eit passende utval verksemdar i ulike bransjar.

### **6.1.2 Studiar om omfanget av konsekvensane av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken.**

Betre kunnskap om kva den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken kostar for samfunnet og verksemdene vil gjera oss i betre stand til å vurdera kvar innsatsen på dette feltet bør rettast, og kor viktig det er å prioritera dette feltet i høve til andre område med behov.

### **6.1.3 Metodar for tidleg intervensjon**

På metodeområdet er det framfor alt behovet for å komma tidlegare inn i uheldige problemutviklingsforløp som bør prioriterast i åra framover. Korleis kan ein med arbeidslivet som arena komme tidlegare inn i høve til risikofylt rusmiddelbruk blant tilsette



## Referansar

AKAN (2006): AKAN – Veien videre. Forebygging av rus- og avhengighetsproblemer i arbeidslivet. AKAN, Oslo.

Dalen, S. (2007): ”Markedsføring i det skjulte”. Artikkel i Aftenposten 02.07.07.

Duckert, F. (2003). Alkohol og livsstil: Strategier for moderasjon. Seriti forlag, Oslo.

Edsbrand, C. og A.Ohlin (2001): Alkohol och arbetsliv, delrapport I. Arbete livsstil och alkoholvanor. En studie av yngre kvinnor i mediabranschen. Sociologi i Linköping 2001:2.

Eriksson, M. & Olsson, B. (2002) Alkohol- och drogförebyggande arbete på mindre arbetsplatser. Stockholms universitet: SoRAD – Forskningsrapport nr 5

Eriksson, M. & Sandberg B. (2004) Problemhantering eller förebyggande arbete? – resultat från två enkätstudier till företag och kommuner om alkoholprevention i arbeidslivet. Stockholms universitet: SoRAD – Forskningsrapport nr 24

Eriksson, M., Olsson, B., & Osberg, J. (2004). Alcohol prevention in the Swedish work place – who cares? *Contemporary Drug Problems*, 31, 263-285.

Frøyland, K. (2005). Arbeidsliv og rus: kunnskapsstatus anno 2005. Oslo, Afi.

Frøyland, K., A. Grimsmo (2006): ”Rusmiddelførebygging i norsk arbeidsliv” i *Nordisk Alkohol- og narkotikatidskrift*. Nr 2, 2006.

Frøyland, K., A. Grimsmo, B.A.Sørensen (2005). Evaluering av AKAN : rusmiddelførebygging i norsk arbeidsliv. Oslo, Afi.

Gjelsvik, R. (2004). Utredning av de samfunnsmessige kostnadene relatert til alkohol. Bergen, Rokkansenteret.

Gjerstad, B. (1999): *Norske bedrifters rusmiddelpolitikk*. Rogalandforskning. RF-1999/259, Stavanger.

Halvorsen, K. (2004): ”De som bærer byrdene av arbeidslinjen”. I *Velferd* nr. 8, 2004.

Hensing, G., L.Andersson, S.Brage (2006): ”Increase in sickness absence with psychiatric diagnosis in Norway: a general population-based epidemicologic study of age, gender and regional distribution”. I *BMC*

*Medicine* 2006, 4:19.

Hermansson, U. (2004): *Risik bruk av alkohol i arbeidslivet. En kunnskapsöversikt om motiv och åtgärder.* CAN/SAD.

Hochschild, A.R. og A. Machung: (2003): *The second shift.* Penguin Books, New York .

Horverak, Ø, og E.Bye (2007): *Det norske drikkemonsteret. En studie basert på intervjudata fra 1973-2004.* SIRUSrapport nr 2/2007.

Johannessen, V. og Mounteney, J. (2005): *Risiko for rusrelatert problematikk.* Arbeidsnotat. Stiftelsen Bergensklinikkene.

Johnson, A.(2000): Hur mycket kostar supen?: om alkohol och samhällsekonomi. Sober Förlag, Stockholm 2000.

Marklund, S., M.Bjurvaldt, C.Hogstedt, E.Palmer, T.Teorell (2005): *Den höga sjukfrånvaron – problem och lösningar.* Arbetslivsintitutet, Stockholm.

National Institute on Drug Abuse (NIDA 2003): *Preventing Drug Use among Children and Adolescents.* A Research Based Guide for Parents, Educators, and Community Leaders. U.S.Department of health and human services. USA.

National Institute on Drug Abuse (NIDA 2005): *Adolescent Drug Abuse: Clinical Assessment and Therapeutic Interventions.* U.S.Department of health and human services. USA.

Nesvåg, S.M., E.Ramvi, B.Stevenson, og E.Tungland (2000): *IGOR: Utvikling og implementering av rusmiddelpolitikk i arbeidslivet.* Rogalandsforskning. RF 2000/083. Stavanger

Nesvåg, S., E. Ramvi, E. Tungland (1999). "Arbeidslivet i forandring." Nordisk alkohol- & narkotikatidsskrift 16(3): 191-203.

Nesvåg, S.M., E.M.Tungland (1999): *Rusmiddelbruk i arbeidslivet: metodeutvikling og resultater fra kartlegging/vurdering av arbeidsrelatert rusmiddelbruk i 8 bedrifter.* Rogalandsforskning, Stavanger.

Nesvåg, S. M. (2005): *Alkohol kulturer i norsk arbeidsliv.* Doktorgradsavhandling. Stavanger, Rogalandsforskning.

Nesvåg, S. og T. Lie (2001). *Rusmiddelbruk blant ansatte.* Rogalandsforskning. Stavanger.

Nesvåg, S.M. (2001): Arbeidsliv og rusmiddelbruk. Statuskonferanse – 2001. Konferanserapport. Rogalandforskning. Stavanger.

Norström, T. (2006): "Per capita alcohol consumption and sickness absence". I *Addiction*, 101, 1421-1427.

NOU 2003:4: *Forskning på rusmiddelfeltet*.

Olsson, B. (2004) Fear and Curiosity – Drug Use among the General Population in Sweden. In: Decorte, T. and Korf, D. J. (eds.) European studies on drugs and drug policy, pp.141-156. Brussels: VUB Press

Olsson, B., Eriksson, M., Steen, P. (2004) Dryckesmönster och självrapporterade alkoholproblem bland olika yrkesgrupper. In: Hradilova Selin, K. (ed.) Svenska dryckesvanor och deras konsekvenser i början av det nya milleniet, SoRAD – Forskningsrapport nr 20, pp. 147-161. Stockholm: SoRAD

Ose, S.O., H.Jensberg, R.E.Reinertsen, M.Sandsund, J.M.Dyrstad (2006): *Sykefråver. Kunnskapsstatus og problemstillinger*. SINTEF Helse, Rapport.

Porsfelt, D. (2003): "Dom på den andre avdelningen är helt inkompetenta ju...Skål! – After Workande på puben som ledningsfråga". Foredrag på Svensk sosiologforbund sitt årsmøte 03.01.04.

Porsfelt, D. (2004): "Hänger du med på en bira?" i *Spiritus*, nr. 6 s 43-58.

Sagvåg, H. og J.Skaftun (2000): *Rusmiddelbruk blant ansatte i rusvernet*. Rogalandforskning, Stavanger.

Sandberg, B. (2004) I väntan på sämre tider? En explorativ studie av statsmaktens och centrala aktörers intentioner, roller och förväntningar på alkoholprevention i arbetslivet. Stockholms universitet: SoRAD – Forskningsrapport nr 17

Sennett, R. (1998): *The Corrosion of Character: the personel consequences of work in the new capitalism*. Norton, New York.

Shdir (2007): *Tidlig intervensjon på rusområdet*. IS-1455.

Skaftun, J. (2000): *Rusmiddelbruk blant ansatte i rusvernet: "Sosialavdelingen"*. Rogalandforskning, Stavanger.

Shdir (2006): Resultat frå Synovate MMI si spørjeundersøking sommaren 2006. Føreligg berre som tabellutskrift.

STAMI (2004): *Arbeidsforhold av betydning for helse*. STAMI, Oslo.

Sørensen, B.A (2006): ”Det ”nye” arbeidslivet. I *I klem eller balanse? Om arbeid, stress og familieliv* av Roness/Mathiesen (red.) 2006, Fagbokforlaget.

Upmark, M. (1999): *Alcohol, sickness absence, and disability pension - a study in the field of disease, ill health, psychosocial factors, and medicalisation*. Doktorsavhandling från Karolinska Institutet. Stockholm, 1999.

Østhus, S. (2005): *Befolkningens holdninger til alkoholpolitikken : en analyse av sammenhengen mellom alkoholpolitikken og folkemeningen i perioden fra 1962 og fram til i dag*. Oslo, Statens institutt for rusmiddelforskning.

# Vedlegg

## Nokre råd på vegen vidare

Nøkkelinformantane trekte blant anna fram følgande åtvaringar i forhold til eit vidare arbeid med temaet arbeidsliv og rus:

- Bruk av tradisjonelle førestillingar om og ideologi kring rusmiddeltemaet bør ein unngå. Alkoholismetilnærminga og fokus på den individuelle patologien vert peika på som eit feilspor. Dersom ein skal få til tidlegare intervensjon er det behov for nye vinklingar i høve til vår tids alkoholbrukarar som ikkje kjenner seg at innanfor ein alkoholismeterminologi.
- Eit einsidig fokus på illegale rusmidlar kan ta fokuset bort frå det som framleis er det største problemet, alkoholbruken. Fokus på testingsregimet kan også ha ein slik effekt.

Til forskinga:

- Ei sterk spesialisering kring tradisjonelle emne slik at ein ikkje ser rusmiddelbruken i sin store arbeidsrelaterte breidde kan gi feil bilete av den arbeidsrelaterte rusmiddelbruken. Kompleksiteten som ligg i samspelet mellom det grenselause arbeidslivet og normene som utviklar seg der, må inn i forskingstilnærmingane.

Til praksisen:

- Einsidig fokus på rusmiddelbruken sine negative sider kan verka moraliserande og bli til ei slags jakt etter syndebukkar. Rusmiddelbruken kan også ha viktige inkluderingsider og positive effektar.

## Temaguide for intervju/samtale med nøkkelinformantar:

### OM BEHOV KNYTTA TIL TEMAET ARBEIDSLIV OG RUS

1 Kva for kunnskap / kompetanse / forskning meiner du det er behov for i høve til temaet arbeidsliv og rus?

A Treng ein meir data/kunnskap om arbeidsliv og rus? I så fall kva slags? På kva for område?

B Treng ein fleire metodar for identifisering, intervensering, førebygging etc? I så fall kva for nokre?

C Er behovet meir knytta til utprøving av føreliggande metodar?

D Er behovet meir knytta til implementering i arbeidslivet? Korleis skape incitament til aktivitet i arbeidslivet?

2 Kva ville etter ditt syn vera ei uheldig utvikling for temaet arbeidsliv og rus i åra framover?

3 Kva for grunnar ser du for å halda fram arbeidslivet som ein arena for rusmiddelforskning og førebygging? Er arbeidslivet ein viktig arena for rusmiddelførebygging?

4 Kva talar imot å halda fram arbeidslivet som ein viktig arena for rusmiddelførebygging?

## English summary

The aim of this report is to point out important needs for future research concerning work related drug and alcohol use as well as drug and alcohol prevention in Norwegian work life. The report is based on interviews of key informants in Norway as well as on literature studies. Questions elaborated are:

- What kind of knowledge is needed on work-related drug and alcohol use in Norway?
- What are important research topics for the years to come?
- Which topics are most important?

The discussions and arguments presented strongly support the need for more research on work life related issues such as use of drug and alcohol among employees, consequences of work related use of drug and alcohol, and models of drug- and alcohol prevention in work life settings.

Some of the themes and topics preposed for future research are as follows:

- About work related drug and alcohol use:
  - What is the level of work related drinking in Norway?
  - What is the level of work related drug use in Norway?
  - Does the work related drinking vary according to different branches, kind of employment, or according to geografic location?
  - What are the links between the role as employee and drug- or alcohol use after work?
  - Is there a drinking pressure among employees? If there is, what is this pressure characterised by?
  - How is the workrelated alcohol and drug use influenced by transitions such as entering the workforce, or leaving the workforce?
- About alcohol and drug problems:
  - What is an adequate definition of a drug or alcohol problem related to the work life setting?
  - What is the level of alcohol and drug problems among Norwegian employees?
  - What kind of role does the work place play regarding the development of drug or alcohol problems among employees?

- Can the work place contribute to the prevention of drug or alcohol problems among employees?
- About the consequences of work related drug and alcohol use:
  - How does sick leave and accidents in the work place relate to alcohol and drug use among employees?
  - What are the economical costs related to use of alcohol or drugs among employees?
  - How does work related alcohol and drug use affect the work environment?
  - Which positive consequences of work related alcohol use exist in Norwegian work life?
- About the relation of development in the community and the worklife in general, and drug and alcohol use among employees:
  - How are the norms for work related alcohol or drug use affected by liberal trends towards drinking?
  - How do work life demands on the employee affect the work related drug or alcohol use?
  - Do men and women use drug and alcohol differently in work related settings?
- About drug and alcohol prevention in workplace:
  - What are adequate methods of early identification and intervention in worklife settings?
  - To what extent is alcohol and drug prevention subject to outsourcing, and what are the effects of the outsourcing?
  - What could contribute to better implementation of alcohol and drug prevention in work life settings?

The following tasks are suggested as most important for the years to come:

1. To implement a systematic documentation of the work related alcohol and drug use in Norway.
2. To calculate the level and the costs of the consequences of work related alcohol and drug use.
3. To develop methods of early intervention.

## Sirus rapporter

Følgende rapporter er utkommet i denne serien:

- 1/2001. Horverak, Øyvind, Sturla Nordlund og Ingeborg Rossow: *Om sentrale deler av norsk alkoholpolitikk*. 48 s. Oslo 2001.
- 2/2001. Axelsen, Niels Kristian: *Skjenking i grenseland. Strategier, tiltak og lovgivning mot økonomisk kriminalitet i skjenkesteder i de nordiske land*. 119 s. Oslo 2001.
- 3/2001. Watten, Reidulf og Helge Waal: *Avrusing: Fra vilje til medisin. Avrusingstradisjonene i Norge bebyst gjennom en forundersøkelse av ultrarask opioidavrusing (UROD)*. 62 s. Oslo 2001.
- 4/2001. Lund, Ingeborg: *Fra monopol til konkurranse. Restaurantbransjen og alkoholleverandørene etter EØS-avtalen*. 81 s. Oslo 2001.
- 1/2002. Ugland, Trygve: *Policy Re-Categorization and Integration. Europeanization of Nordic Alcohol Control Policies*. (Publisert i samarbeid med ARENA. ARENA-report No 3/2002) 254 s. Oslo 2002.
- 2/2002 Horverak, Øyvind: *Selvbetjente vinmonopolutsalg. En evaluering*. 85 s. Oslo 2002
- 3/2002 Hauge, Ragnar og Reidun Johanne B. L. Lohiniva: *Bevillingssystemet som alkoholpolitisk virkemiddel. En evaluering av endringene i alkoholloven i 1997*. 165 s. Oslo 2002.

- 4/2002 Johansen, Nicolay B.: *Tillit og svik i narkomiljøet*. 208 s. Oslo 2002.
- 1/2003 Berg, Elin: *Samhandlingens monolog. En studie av interaksjon mellom klienter med innvandrerbakgrunn og ansatte i tiltaksapparatet for rusmiddelmisbrukere*. 116 s. Oslo 2003.
- 2/2003 Lund, Ingeborg & Sturla Nordlund: *Pengespill og pengespillproblemer i Norge*. 128 s. Oslo 2003.
- 3/2003 Melberg, Hans Olav & Øyvind Omholt Alver: *Rus og psykiatri i inntektsystemet for kommunene*. 94 s. Oslo 2003.
- 4/2003 Melberg, Hans Olav, Grethe Lauritzen & Edle Ravndal: *Hvilken nytte, for hvem og til hvilken kostnad? En prospektiv studie av stoffmisbrukere i behandling*. 163 s. Oslo 2003.
- 5/2003 Skretting, Astrid & Elin K. Bye: *Bruk av rusmidler blant norske 15-16 åringer. Resultater fra den norske delen av de europeiske skoleundersøkelsene - ESPAD, 1995, 1999, 2003*. 62 s. Oslo 2003.
- 1/2004 Holth, Per & Elin K. Bye: *B Evaluering av 'Ansvarlig Vertskap' i Bergen 2000-2003*, 80 s. Oslo 2004.
- 2/2004 Alver, Øyvind Omholt, Anne Line Bretteville-Jensen & Oddvar Kaarbø: *Rusreformen – Noen grunnlagsdata om organisering og finansiering*. 62 s. Oslo 2004.
- 3/2004 Horverak, Øyvind: *Da Vinmonopolet kom til Trysil. En evaluering*. 115 s. Oslo 2004.

- 4/2004 Alver, Øyvind Omholt: *Om pris og etterspørsel etter alkohol i Norge*. 65 s. Oslo 2004.
- 1/2005 Rise, Jostein, Henrik Natvig & Elisabet E. Storvoll: *Evaluering av alkoholkampanjen 'Alvorlig talt'* 128 s. Oslo 2005.
- 2/2005 Amundsen, Ellen J., & Robert Lalla: *Narkotikasituasjonen i kommunene. Resultater fra årene 2002 og 2003* 44 s. Oslo 2005.
- 3/2005 Østhus, Ståle: *Befolkningens holdninger til alkoholpolitikken – en analyse av sammenhengen mellom alkoholpolitikken og folkemeningen i perioden 1962 og fram til i dag* 120 s. Oslo 2005.
- 4/2005 Bretteville-Jensen, Anne Line: *Økonomiske aspekter ved sprøytemisbrukeres forbruk av rusmidle. En analyse av intervjuer foretatt 1993-2004*. 176 sider. Oslo 2005.
- 5/2005 Solbakken, Bjørn H., Lauritzen, Grethe & Lund, Marte K. Ødegård: *Barn innlagt sammen med foreldre som er i behandling for rusmiddelproblemer*. 124 sider. Oslo 2005.
- 6/2005 Berg, Frid Fjose & Anne Line Bretteville-Jensen *Ungdoms etterspørsel etter alkohol En empirisk analyse basert på intervjudata 1990-2004*. 58 sider. Oslo 2005.
- 1/2006 Solbakken, Bjørn H. & Grethe Lauritzen *Tilbud til barn av foreldre med rusmiddelproblemer*. 150 sider. Oslo 2006.

- 2/2006 Olsen, Hilgunn & Astrid Skretting *Ingen enkle løsninger: evaluering av Tiltaksplane for alternativer til rusmiljøene i Oslo sentrum.* 166 sider. Oslo 2006.
- 3/2006 Nøkleby, Heid & Grethe Lauritzen *Rusmiddelmisbruk og spiseforstyrrelser. Sammenfall og sammenhenger. En litteraturstudie.* 165 sider. Oslo 2006.
- 4/2006 Buvik, Kristin & Bergljot Baklien *Skal det være noe mer for vi stenger? – evaluering av Ansvarlig vertskap i Trondheim.* 113 sider. Oslo 2006.
- 5/2006 Bretteville-Jensen, Anne Line & Ellen J. Amundsen *Omfang av sprøytemisbruk i Norge* 83 sider. Oslo 2006.
- 1/2007 Snertingdal, Mette Irmgard *Kalkulerende kjeltringer eller offer for omstendighetene? En kvalitativ studie av heroinomsetningens utvikling og aktører.* 140 sider. Oslo 2007.
- 2/2007 Horverak, Øyvind & Elin K. Bye *Det norske drikkemonsteret. En studie basert på intervjudata fra 1973-2004* 245 sider. Oslo 2007.
- 3/2007 Ihlebæk, Camilla & Ellen J. Amundsen *Majoritet og minoritet alkoholbruk blant ungdom utenfor storbyen* 54 sider. Oslo 2007.
- 4/2007 Tefre, E.M., Amundsen, A., Nordlund, S., Lund, K.E *Studenter og rus. Resultater fra en undersøkelse av studenter ved Universitetet i Oslo høsten 2006 om deres bruk av alkohol, tobakk, narkotika og pengespill.* 139 sider. Oslo 2007.

## Sirus skrifter

Følgende publikasjoner er utkommet i denne serien:

- 1/2002. Brofoss, Knut and Julia Ferkis (ed.): *Alcohol Policy – Epidemiology-Primary Health Care*. 161 s. Oslo 2002
- 1/2004. Lund, Karl Erik og Jostein Rise: *Mediekampanje om røykfri serveringssteder våren 2004*. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007. 36 s. Oslo 2004.
- 2/2004. Lund, Marianne og Rita Lindbak: *Tall om tobakk 1973-2003*. 39 s. Oslo 2004.
- 1/2005. Hetland, Hilde og Leif Edvard Aarø: *Hva kan forbedres i VÆR røykFri-programmet? Intervjuer med elever, lærere og rektorer*. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007. 59 s. Oslo 2005.
- 2/2005. Hetland, Jørn og Leif Edvard Aarø: *Røykevaner, holdninger til innføring av røykfrie serveringssteder og opplevelse av håndhevingsproblemer i serveringsbransjen- en prospektiv panelundersøkelse*. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007. 76 s. Oslo 2005.
- 3/2005. Hetland, Jørn og Leif Edvard Aarø: *Røykfrie serveringssteder: Luftkvalitet, helse og trivsel blant ansatte i serveringsbransjen*. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007. 46 s. Oslo 2005.

- 4/2005. Lund, Karl Erik: *Tobakksavgiften som helsepolitisk styringsinstrument. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007*. 60 s. Oslo 2005.
- 5/2005. Amundsen, Ellen J.: *Alkohol- og tobakksbruk blant ungdom: Hva betyr innvandrerbakgrunn?* 89 s. Oslo 2005.
- 6/2005. Larsen, Elisabeth, Marianne Lund og Karl Erik Lund: *Evaluering av helseadvarslene på tobakkspakkene*. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007. 33 s. Oslo 2005.
- 1/2006. Lund, Karl Erik: *Innføring av røykfrie serveringssteder i Norge. Konsekvenser for omsetning, besøksfrekvens, trivsel og etterlevelse*. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007. 121 s. Oslo 2006.
- 2/2006. Lund, Karl Erik: *The introduction of smoke-free hospitality venues in Norway. Impact on revenues, frequency of patronage, satisfaction and compliance*. Evaluation of public tobacco control work in Norway 2003-2007. 110 s. Oslo 2006.
- 3/2006. Larsen, Elisabeth, Karl Erik Lund og Jostein Rise: *Evaluering av tobakkskampanjen "Røyken tar pusten av deg"*. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007. 116 s. Oslo 2006.

- 4/2006. Larsen, Elisabeth, Jostein Rise og Pål Kraft: *Evaluering av tobakkskampanjen "Hver eneste sigarett skader deg"*. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007. 53 s. Oslo 2006.
- 5/2006. Rise, Jostein: *En sosialpsykologisk analyse av et fryktvekkende budskap: en kvasisperimentell undersøkelse*. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007. 68 s. Oslo 2006.
- 1/2007. Melberg, Hans Olav: *Hvor mye betyr tobakksprisen for endringer i tobakksforbruket? Utviklingen i pris og forbruk i Norge mellom 1985 og 2005*. Evaluering av det offentlige tobakksforebyggende arbeidet i Norge 2003-2007. 29 s. Oslo 2007.
- 2/2007. Lund, Karl Erik (red.), Rune Ottesen, Jostein Rise, Karl Erik Lund, Sidsel Graff-Iversen og Kjell Bjartveit: *Grunnlaget for allmennhetens oppfatning om risiko ved sigarettroyking i 1950- og 60 årene i Norge*. Erklæringer til Norges Høyesterett i forbindelse med søksmål fra skadelidt om erstatning fra tobakksprodusent. 231 s. Oslo, 2007.
- 3/2007. Lund, Marianne og Rita Lindbak: *Norwegian Tobacco Statistics 1973-2006*. 43 s. Oslo 2007.

